

# Prop. 117 LS

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og  
tollovgivinga m.m. og forskotteringsloven  
(behovsprøving av bidragsforskott)

Førebels utgåve

Førebels utgåve

# Prop. 117 LS

(2022–2023)

**Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)**

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga m.m. og  
forskotteringsloven (behovsprøving av bidragsforskott)

Førebels utgåve

Førebels utgåve

# Innhald

1	Innleiing .....	7
2	Endringar i pensjonsskattereglane .....	9
3	Auka kostsatsar for pendlarar og langtransportsjåførar.....	11
4	Endring av produktavgifta i fiskerinæringa .....	12
5	VOEC-ordninga og endring i skattebetalingsloven.....	13
5.1	Innleiing og samandrag.....	13
5.2	Gjeldande rett.....	13
5.3	Høyringa .....	14
5.4	Departementets vurdering .....	15
5.4.1	Innleiing .....	15
5.4.2	Månadleg oppgjørsordning for varer som vert samlefortolla.....	16
5.4.3	Avvikling av det mellombelse unntaket for varer under krone 350 .....	17
5.4.4	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	18
6	Prioritet for skatte- og avgiftskrav ved rekonstruksjon .....	19
7	Fritak for elavgift ved deling av lokal energiproduksjon .....	20
8	Grunnrenteskatt på landbasert vindkraft.....	21
9	Opprettingar og presiseringar m.m. ....	22
9.1	Petroleumsskatteloven § 11 femte ledd .....	22
9.2	Skatteloven § 4-3 første ledd bokstav e .....	23
9.3	Skatteloven §§ 5-31, 14-42 og 14-44.....	23
9.4	Skatteloven §§ 12-11 og 16-22 .....	24
9.5	Skattebetalingsloven § 10-1 første ledd og § 10-51 tredje ledd.....	25
9.6	Skattebetalingsloven § 10-41 tredje ledd .....	25
9.7	Skattebetalingsloven § 14-10 første ledd .....	25
9.8	Lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav.....	26
9.9	Merverdiavgiftsloven § 4-12 andre ledd .....	26
9.10	Merverdiavgiftsloven § 9-1 andre ledd .....	26
9.11	Merverdiavgiftsloven 10-7 andre ledd .....	26
9.12	Merverdiavgiftsloven § 14-1 andre og tredje ledd .....	26

9.13	Folkeregisterloven § 1-3.....	27
9.14	Vareførselsloven § 1-4 andre ledd .....	27
9.15	Vareførselsloven § 6-8 andre ledd .....	27
9.16	Vareførselsloven § 7-15 tredje ledd .....	28
9.17	Vareførselsloven § 9-1 tredje ledd .....	28
9.18	Vareførselsloven § 12-2 fyrste ledd bokstav a, b og d .....	28
9.19	Vareførselsloven § 12-7 .....	29
9.20	Tollavgiftsloven § 8-1 andre ledd .....	29
9.21	Tollavgiftsloven § 11-4 .....	30
10	Endringar i forskotteringsloven.....	31
10.1	Bakgrunn .....	31
10.2	Gjeldande rett .....	31
10.2.1	Forskoteringsordninga.....	31
10.2.2	Behovsprøvinga av bidragsforskot.....	33
10.3	Barne- og familidepartementet si vurdering og framlegg .....	34
10.4	Konsekvensar av framlegget .....	36
10.4.1	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	36
10.4.2	Personvernkonsekvensar .....	37
10.5	Overgangsreglar og ikraftsetjing .....	37
10.6	Merknader til dei einskilde føreseggnene i lovframlegget.....	37
10.6.1	Merknader til endringane i forskotteringsloven .....	37
10.6.2	Til føresegna om ikraftsetjing av lova.....	38
<b>A – Forslag til lovvedtak</b>	.....	41
<b>Forslag til lov om endring i petroleumsskatteloven</b>	.....	41
<b>Forslag til lov om endringar i forskotteringsloven</b>	.....	41
<b>Forslag til lov om endring i skatteloven</b>	.....	42
<b>Forslag til lov om endringar i skattebetalingsloven</b>	.....	43
<b>Forslag til lov om oppheving av lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav</b>	....	44
<b>Forslag til lov om endringar i merverdiavgiftsloven</b>	.....	45
<b>Forslag til lov om endringer i folkeregisterloven</b>	.....	46
<b>Forslag til lov om endringar i vareførselsloven</b>	.....	46

<b>Forslag til lov om endringar i tollavgiftsloven.....</b>	47
<b>B – Forslag til stortingsvedtak .....</b>	48
<b>Forslag til vedtak om endring stortingsvedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2023 (Stortingets skattevedtak) .....</b>	48
<b>Forslag til vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane .....</b>	48

Førebels utgåve

Førebels utgåve

# Prop. 117 LS

(2022–2023)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

### Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga m.m. og forskotteringsloven (behovsprøving av bidragsforskott)

*Tilråding frå Finansdepartementet 11. mai 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

## 1 Innleiing

I dette reviderte budsjettet foreslår regjeringa enkelte endringar i skatte- og avgiftsreglane. Følgjande framlegg til endringar i skatte- og avgiftsreglane har provenyverknad for 2023:

- Å redusere skatten på pensjon slik at dei med låge pensjonar får redusert skatt i 2023. Framlegget vert rekna å redusere provenyet med om lag 1 375 mill. kroner påløpt i 2023. Provenytapet vert bokført i 2024.
- Å auke satsen for skatlefri dekking av kost for langtransportsjåførar og pendlarar som bur på brakker. Satsendringane vil gjelde frå 1. september 2023. Framlegget vert rekna å redusere provenyet med om lag 40 mill. kroner i heilårsverknad og 5 mill. kroner bokført i 2023.

Regjeringa tek sikte på å setje i verk fritaket for elavgift for eigenprodusert fornybar kraft frå 1. oktober med ei avgrensing til anlegg med installert effekt på inntil 1 000 kW per eigedom. Iverksetjinga vil gje eit provenytap på om lag 4 mill. kroner påløpt og 0 kroner bokført i 2023. Heilårsverknaden er eit provenytap på 16 mill. kroner. I tillegg vert budsjetteringa endra som følge av utsett iverksetjing av differensierte satsar i avgifta på forbrenning av avfall fordi regelverksprosessen i EU har teke meir tid enn lagt til grunn i haust. Utsetjinga vil redusere provenyet med om lag 80 mill. kroner påløpt og bokført i 2023. Det vert synt til framlegg til løyvingsvedtak i Prop. 118 S (2022–2023)  
*Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023.*

Etter saldert budsjett har regjeringa foreslått endringar som krev løyvingsvedtak for 2023. Det gjeld framlegg i Prop. 30 L (2022–2023) om å innføre ein særregel for formuesverdsetjing av oppdrettsløyve i ikkje-børsnoterte selskap for inntektsåret 2022, og

framlegg i Prop. 78 LS (2022–2023) om å auke avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogeaure og å innføre ein verdsetjingsrabatt for akvakulturløyve i formuesskatten.

Det vert synt til framlegg til løvingsvedtak i Prop. 118 S (2022–2023)

*Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023.*

Samla vert nye framlegg til endringar i skattar og avgifter rekna å redusere provenyet med om lag 1 490 mill. kroner påløpt og om lag 275 mill. kroner bokført i 2023 samanlikna med saldert budsjett for 2023. Heilårsverknaden av framlegga er eit provenytap på 1 420 mill. kroner.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Produktavgifta i fiskerinæringa vert redusert til 1,9 pst. frå 1. juli 2023.
- Endring i skattebetalingsloven slik at avgifter og eventuell tollavgift på varer med verdi under 3 000 kroner som vert deklarerte ved bruk av ordninga for samlefortolling, kan betalast den 18. i månaden etter varen vart deklarert.

Vidare foreslår regjeringa enkelte endringar som ikkje gjeld skatt og avgift:

- Endring i forskotteringsloven om å heve inntektsgrensene.

Det vert òg vist til følgjande saker som er omtalte i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2022–2023)

*Revidert nasjonalbudsjett 2023:*

- NOU 2022: 20 *Et helhetlig skattesystem*
- Meirverdiavgift for elektroniske aviser – oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 120 (2022–2023)

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endring i petroleumsskatteloven
- lov om endringer i forskotteringsloven
- lov om endringer i skatteloven
- lov om endringer i skattebetalingsloven
- lov om oppheving av lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav
- lov om endringer i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringer i vareførselsloven
- lov om endringer i tollavgiftsloven
- vedtak om endring i stortingets vedtak om om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2023 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnærингane

## 2 Endringar i pensjonsskattereglane

Skattereglane er utforma slik at pensjonistar ikkje betaler inntektsskatt av ein alderspensjon opptil om lag minstenivået for einslege, føresett at dei ikkje har andre inntekter. Dette vert mellom anna oppnådd gjennom eit særskilt skattefrådrag for pensjonsinntekt (pensjonsskattefrådraget). Når skattereglane vert vedtekne, vert frådraget tilpassa den pensjonsveksten som er lagd til grunn i nasjonalbudsjettet, med ein viss buffer mellom minstenivået og innslagspunktet for skatt. For 2023 er maksimalt beløp for pensjonsskattefrådraget sett til 32 825 kroner. Frådraget vert trappa ned med 16,7 pst. av pensjonsinntekt mellom 219 950 og 331 750 kroner i trinn 1, og med 6,0 pst. av pensjonsinntekt over 331 750 kroner i trinn 2. Sjå Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2023 § 6-5.

Den faktiske reguleringa av pensjonane om våren tek utgangspunkt i løns- og prisvekstslaga i revidert nasjonalbudsjett. Desse anslaga er auka frå Nasjonalbudsjettet 2023, og pensjonsveksten vil verte vesentleg høgare enn lagd til grunn i dei vedtekne skattereglane. I tillegg vedtok Stortinget å auke minste pensjonsnivå for einslege (særskild sats) med 4 000 kroner frå 1. januar 2023. Det gjev òg høgare minstenivå for einslege 67-åringar i 2023, som har ein kombinasjon av gammal og ny oppteningsmodell i folketrygda.

På bakgrunn av dette foreslår regjeringa å justere skattereglane. Pensjonsskattefrådraget vert fastsett med eit maksimalt beløp, som vert trappa ned mot pensjonsinntekt i to trinn. I 2023 er frådraget heilt fasa ut ved ei inntekt på om lag 567 650 kroner. Regjeringa foreslår at innslagspunktet for nedtrappinga i trinn 1 vert auka frå 219 950 til 246 800 kroner. Det gjer at frådraget vert trappa ned mot ein mindre del av pensjonsinntekta, slik at frådraget vert høgare. Innslagspunktet for skatt på pensjon aukar frå om lag 240 500 kroner i dei vedtekne skattereglane, til om lag 250 350 kroner. Framlegget gjev ein skattelette på inntil om lag 4 500 kroner. Dette gjeld fullt ut for dei som har pensjon over det nye innslagspunktet for skatt og opp til det gjeldande innslagspunktet for trinn 2 på 331 750 kroner.

For å rette skatteletten noko mot låge pensjonar foreslår regjeringa å auke innslagspunktet i trinn 2 frå 331 750 til 373 650 kroner. Nedtrappinga av pensjonsskattefrådraget er sterkest i starten, ved at nedtrappingssatsen i trinn 1 er høgare (16,7 pst.) enn i trinn 2 (6,0 pst.). Å auke innslagspunktet for trinn 2 inneber isolert sett at ein større del av pensjonsinntekta gjev nedtrapping med den høgare satsen i trinn 1, og dermed lågare pensjonsskattefrådrag for dei det rører ved. Det nye innslagspunktet i trinn 2 er fastsett slik at det vert om lag uendra skatt på pensjonar over dette nivået (373 650 kroner), når ein ser endringane i trinn 1 og 2 under eitt. I intervallet frå 331 750 til 373 650 kroner vert skatteletten gradvis redusert frå om lag 4 500 kroner og ned til null.

Berekningar med Statistisk sentralbyrås skattemodell LOTTE-Skatt tilseier at nær 400 000 personar får redusert skatten med minst 200 kroner.

Samanlikna med saldert budsjett er framlegget anslått å redusere provenyet med om lag 1 375 mill. kroner påløpt i 2023. Provenytapet vert bokført i 2024. Framlegget gjev ikkje vesentlege administrative verknader.

Departementet syner til framlegg om endring av Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2023 § 6-5.

Førebels utgåve

### **3 Auka kostsatsar for pendlarar og langtransportsjåførar**

Skattytarar som bur utanfor heimen på grunn av arbeidet (pendlarar), kan etter nærare reglar krevje frådrag for meirkostnader til kost, jf. skattelova § 6-13, eller få kost dekt skattefritt av arbeidsgjevaren, jf. skattelova § 5-15 første ledd bokstav q nr. 1.

Frådrag for meirkostnader til kost og skattefri dekking av kost følgjer satsar som vert fastsette årleg av Skattedirektoratet. Viss ein dokumenterer at kostnadene er høgare enn satsen, kan ein få frådrag for eller skattefri dekking av det høgare beløpet.

Satsane for dekking av kost for pendlarar på brakker vart kraftig reduserte frå 2018, sjå Prop. 1 LS (2017–2018) *Skatter, avgifter og toll 2018* punkt 5.2.

Det gjeld ulike satsar avhengig av om pendlaren har budd på hybel, brakke, pensjonat eller hotell. I 2023 er satsen 177 kroner per døgn for pendlaropphold på brakke og pensjonat, og på hybel utan kokemoglegheit. Sjølv om det berre er meirkostnader som skal dekkjast, meiner regjeringa at 177 kroner for alle døgnets måltid er eit lågt beløp. Regjeringa meiner difor at ein bør auke denne satsen til 250 kroner. Ein pendlar som bur på brakke i til dømes 50 døgn og har lønsinntekt i trinn 2 i trinnskatten, vil med framlegget få inntil om lag 1 250 kroner lågare skatt dersom vedkomande har fått dekt kost av arbeidsgjevar over dagens sats utan dokumentasjon. Arbeidstakrar som krev frådrag i til dømes 50 døgn, vil få 800 kroner lågare skatt.

Langtransportsjåførar har ved fråvær frå heimen i 24 timer ein kostsats på 300 kroner per døgn. Denne satsen har lenge lege fast på 300 kroner, og regjeringa meiner at han bør aukest til 350 kroner. Sjåførar som har fått dekt meir enn 300 kroner i kost av arbeidsgjevar utan dokumentasjon, vil få inntil om lag 850 kroner lågare skatt i året, føresett 50 kostdøgn og lønsinntekt i trinn 2 i trinnskatten. Har dei alternativt kravt frådrag, vil dei få 550 kroner lågare skatt i året.

Departementet anslår på usikkert grunnlag at framlegget reduserer provenyet med om lag 40 mill. kroner i heilårsverknad og 5 mill. kroner bokført i 2023.

For at satsendringane ikkje skal verte for kompliserte for arbeidsgjevarar å følgje opp, foreslår departementet at endringane tek til å gjelde først frå 1. september 2023. Det gjer at arbeidsgjevarar ikkje må rette tidlegare a-meldingar for å få rett trekk av skatt og arbeidsgjevaravgift basert på dei nye satsane. Skattytarar som krev frådrag, må sjølv korrigere skattekortet dersom dei skal få skattelettane i 2023 og før skatteoppgjeret.

Satsane er regulerte i forskrift. Departementet vil be Skattedirektoratet gjennomføre dei foreslalte satsendringane i forskrift. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå 1. september 2023.

## **4 Endring av produktavgifta i fiskerinæringa**

Fiskarane betaler ei trygdeavgift på 7,9 pst., som er lågare enn trygdeavgifta på næringsinntekt elles. Produktavgifta i fiskerinæringa skal forutan å dekkje mellomlegget mellom 7,9 pst. og 11,1 pst. i trygdeavgifta på næringsinntekt, også dekkje kollektiv medlemspremie til yrkesskadetrygd, kollektiv forsikring for tilleggssjukepengar for manntalsførte fiskarar og utgifter til stønad til arbeidslause i næringa. I statsbudsjettet for 2023 vart det vedteke å setje produktavgifta til 2,0 pst. for 2023.

Produktavgifta er berekna på bakgrunn av innhenta prognosar for komande års førstehandsverdi av fisket og prognosar for utgiftene som produktavgifta er meint å dekkje. Uvisse i prognosane gjer det vanskeleg å fastsetje riktig sats for komande år.

Nærings- og fiskeridepartementet har innhenta reviderte prognosar på mellom anna førstehandsverdien av fisket i 2023. Dei legg til grunn at denne vert høgare enn det ein tidlegare rekna med. I tillegg er det forventa at utbetalte dagpengar til fiskarane vil gå ned i 2023, samanlikna med 2022. Nærings- og fiskeridepartementet tilrår difor at satsen for andre halvår 2023 vert sett til 1,9 pst.

Departementet foreslår å redusere produktavgifta til 1,9 pst. frå 1. juli 2023 i tråd med tilrådinga frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Departementet syner til framlegg om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane for 2023.

## **5 VOEC-ordninga og endring i skattebetalingsloven**

### **5.1 Innleiing og samandrag**

Eit framlegg om endringar i tollavgift-, vareførsels- og skattebetalingsregelverket for å leggje til rette for å avvikle det mellombelse deklareringsunntaket for varer med verdi under 350 kroner, har vore på høyring. Føremålet med framlegget i høyringa var å leggje til rette for ein auka del av korrekt merka VOEC-sendingar, og å forenkle prosessen med å deklarere dei varene som ikkje er merkte med VOEC-nummer. I sum vil tiltaka leggje til rette for at det mellombelse deklareringsunntaket for varer med verdi under 350 kroner kan avviklast.

Høyningsinstansane er i det vesentlege positive til avviklinga av det mellombelse deklareringsunntaket for varer med verdi under 350 kroner, tiltaka for å leggje til rette for ein auka del av korrekt merkte VOEC-sendingar og å forenkle deklareringsprosessen for varene som ikkje er merkte med eit VOEC-nummer. Ingen av høyningsinstansane har gått imot framlegget i høyningsnotatet om ei ny månadleg betalingsordning for varer under 3 000 kroner, som vert tollbehandla av speditørar mv. i ein samledeklarasjon.

Departementet gjer framlegg om endringar i skattebetalingsloven slik at avgifter og eventuell tollavgift på varer med verdi under 3 000 kroner som vert deklarerte ved bruk av ordninga for samlefortolling, kan betalast den 18. i månaden etter varen vart deklarert. I dag må tollavgift og andre avgifter på varer som vert samlefortolla betalast dagen etter varen vart deklarert, gjennom den såkalla dagsoppgjersordninga, jf. skattebetalingsloven §§ 10-41 og 14-20.

Departementet syner til framlegg til endringar i skattebetalingsloven § 10-41 fyrste og andre ledd og § 14-20 overskrifta og andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. januar 2024.

### **5.2 Gjeldande rett**

Tollavgift og andre avgifter som oppstår ved innførsel, forfell etter hovudregelen i loven samtidig med at plikta til å beregne tollavgift oppstår, jf. skattebetalingsloven § 10-41 fyrste ledd. Etter skattebetalingsloven § 14-20 kan dei som står for tollbehandling på vegner av andre, til dømes speditørar, innvilgast kreditt for tollbehandlingar som vert gjennomførte i løpet av ein dag (dagsoppgjer). Krav som oppstår på bakgrunn av dagsoppgjersordninga, forfell til betaling fyrste verkedag etter frigjering for prosedyren overgang til fri disponering (fortolling), jf. skattebetalingsloven § 10-41 tredje ledd.

I utgangspunktet kan ein tolldeklarasjon berre innehalde varer til eitt subjekt (privatperson eller verksemd). Speditørar kan få løyve til å samle varer til fleire privatpersonar i ein tolldeklarasjon (samlefortolling), jf. vareførforskrifta § 4-1-5 fyrste ledd.

Ordninga med samlefortolling vart innført for å hjelpe mot ein aukande trend med lågverdisendingar til privatpersonar. Samlefortolling er meint for store transportørar og speditørar der talet på lågverdisendingar er så høgt at vanleg deklarering er vanskeleg å

følgje opp innanfor tidsfristane som gjeld. Ordninga har som føremål å gje ein effektiv vareflyt og skjerme toll- og speditørsystema for store mengder data. Gjeldande ordning med samlefortolling gjeld for innførsel av varer til privatpersonar, med ein verdi til og med 3 000 kroner. Sendingane kan ikkje innehalde varer som er forbodne, underlagt restriksjonar eller pålagde særavgifter.

### 5.3 Høyringa

I høyringa gjorde departementet framlegg om ei ny ordning for å betale avgift for varesendingar med låg verdi, det vil seie under 3 000 kroner, som vert tollbehandla av speditørar mv. i ein samledeklarasjon. Den nye ordninga omfatta speditørar som kan søkje om at tollavgift og andre avgifter som oppstår for slike varer i ein månad, kan betalast den 18. i neste månad.

Departementet gjorde framlegg om at ordninga med månadleg oppgjer elles skal ha dei same vilkåra for bruk som gjeldande ordning med dagsoppgjer. Dette gjeld til dømes krava til søknad, kreditverdigheit og tilbakekalling av løyve til å nytte ordninga. Varesendingar med verdi over 3 000 kroner eller varer som ikkje er omfatta av ordninga for samlefortolling, til dømes varer pålagde særavgifter, var ikkje meint omfatta av ordninga.

Framlegget vart sendt på høyring 22. november 2022 til departementa og 43 høyringsinstansar.

Det kom inn seksten høyringssvar. Fjorten høyringsinstansar har gjeve substansielt svar i høyringa:

- Arbeidsgiverforeningen Spekter
- DHL Express (Norway) AS
- Forbrukertilsynet
- Framtiden i våre hender
- Hovedorganisasjonen Virke
- Landbruks- og matdepartementet
- M. Koch
- Magnum no AS
- Naturvernforbundet
- NHO Service og Handel
- Norges Naturvernforbund
- Posten Norge AS
- Skatteetaten
- Statistisk sentralbyrå

*Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har gjeve svar utan merknader.*

Høyringsinstansane er i det vesentlege positive til avviklinga av det mellombelse deklareringsunntaket for varer med verdi under 350 kroner. *DHL Express (Norway) AS, Arbeidsgiverforeningen Spekter og Posten Norge AS* ber om at avviklinga av det mellombelse deklarasjonsunntaket for varer under 350 kroner vert utsett til 1. januar 2024,

medan *NHO Service og Handel* meiner at det er viktig å overhalde den varsle datoен for ikraftsetjing. Det har samtidig kome ein del innspel til avviklinga. Departementet vil ta desse innspela med i vurderinga når ein arbeider med å endre forskriftene på området.

Ingen av instansane som har gjeve substansielle svar på høyringa, har gått imot framlegget om ei ny månadleg betalingsordning for varer under 3 000 kroner, som vert tollbehandla av speditørar mv. i ein samledeklarasjon. *Posten Norge AS* har synspunkt på korleis framlegget til endringar i skattebetalingslova § 14-20 skal tydast. Departementet syner til merknaden under i punkt 5.3.1.

Fleire instansar har nytta høyringa til å kome med syn på spørsmål som ikkje var omfatta av høyringa. Departementet vil ta desse innspela med i vurderinga i det vidare arbeidet med å betre skatte- og avgiftsregelverket på området.

## 5.4 Departementets vurdering

### 5.4.1 Innleiing

I 2020 vart 350-kronersgrensa for toll- og avgiftsfri innførsel av varer avvikla. For varer med verdi under 3 000 kroner er plikta til å beregne og betale meirverdiavgift lagd på den utanlandske tilbydaren (seljaren) av varen gjennom VOEC-ordninga. På bakgrunn av at Stortinget bad om ei overgangsordning for VOEC-ordninga, vart det vedteke eit mellombels unntak frå deklareringsplikta for varesendingar med verdi under 350 kroner. Det mellombelse unntaket gjeld ikkje for næringsmiddel, restriksjonslagde varer og varer som vert pålagde særavgifter. For slike varer vart 350-kronersgrensen avvikla 1. januar 2020.

Etter departementet sitt syn bør det mellombelse generelle unntaket frå deklareringsplikta for varesendingar med verdi under 350 kroner, avviklast frå 1. januar 2024. Når det mellombelse unntaket frå deklareringsplikta for VOEC-varer vert oppheva, er det pårekna at talet på varer som må deklarerast ved innførselen vil auke. Varer under 350 kroner der tilbydaren ikkje har berekna og betalt meirverdiavgift, eller der VOEC-nummeret til tilbydaren ikkje vert levert til tollmyndighetene ved innførselen, må etter avviklinga deklarerast på ordinær måte. Tiltaka i høyringsnotatet har som føremål å lette byrdene for aktørane i vareføringa når det mellombelse unntaket vert avvikla. Regjeringa har tidlegare gjort greie for nokre av endringane i Meld. St. 2 (2021–2022) Revidert nasjonalbudsjett 2022 punkt 4.7.

Eit av tiltaka i høyringa var at transportørane pliktar å gje opplysningar om VOEC-nummeret til sendinga digitalt til tollmyndighetene. I dag er det ikkje noka regulering av korleis VOEC-nummeret skal leverast til tollmyndighetene. Erfaringa er at dette medfører ein risiko for feil og misbruk av ordninga, unødig opphold i vareførselen, og at VOEC-varer vert tollbehandla på ordinær måte. Dette gjer at privatpersonar risikerer dobbel skattlegging og unødige gebyr. Departementet legg opp til å vedta endring i samsvar med framlegget i høyringsnotatet ved endringar i forskrifta til vareførselsloven med verknad frå 1. januar 2024.

I tillegg vart det i høyringa foreslått å forenkle vilkåra for samlefortolling slik at fleire aktørar kan nytte seg av ordninga med samlefortolling. Samlefortolling inneber at fleire varer vert deklarerte samla i éin deklarasjon, noko som forenklar oppgåvane med å deklarere varer for overgang til fri disponering (fortolling). Departementet legg opp til å vedta endring i samsvar med framlegget i høyringsnotatet ved endringar i forskrifta til skatteinntakslagen med verknad frå 1. januar 2024.

Tiltaket i høyringsnotatet om ei ny månadleg oppgjersordning for varer av mindre verdi som kan deklarerast via ordninga for samlefortolling krev endringar i skatteinntakslagen, sjå punkt 5.3.2.

#### **5.4.2 Månadleg oppgjersordning for varer som vert samlefortolla**

For speditørane er det nokre praktiske utfordringar knytte til å måtte betale avgifter av varer med mindre verdi dagen etter tollbehandlinga. Ein del varer som vert tollbehandla vert ikkje henta av mottakaren av varen, og må returnerast. Konsekvensane av at varen vert returnert er at den innleverte deklarasjonen må endrast, og det oppstår eit krav på tilbakebetaling av innbetalt toll- og meirverdiavgift. Sjølv om samlefortolling er ei forenkla ordning, og det vil verte gjorde tilpassingar i denne, trengst det ytterlegare forenklingar for å leggje til rette for ein effektiv vareflyt med låge gebyr for forbrukarane.

Departementet meiner at ordninga med betaling for speditørar mv. bør endrast frå dagsoppgjer til månadsoppgjer for varer av låg verdi (under 3 000 kroner). EU har innført forenklingstiltak for den alternative måten å krevje opp avgifter (såkalla «Special Arrangements»). Desse rettar seg mot speditørane og går ut på at forbrukaren betaler meirverdiavgifta til speditøren, som igjen betaler inn meirverdiavgifta i månadlege avgiftsoppgjer. Departementet meiner det trengst ei tilsvarende ordning i Noreg. Dette vil mellom anna gje ei enklare og meir fleksibel handtering av varereturar og refusjonskrav.

Behovet for ei månadsoppgjersordning gjeld særleg varesendingar med verdi lågare enn 350 kroner, når det mellombelse unntaket frå deklarering vert avvikla. Ved ei ny ordning med månadsoppgjer, vil ein unngå ein del tilbakebetalingar for varer som vert returnerte rett etter tollbehandlinga. For varesendingar med verdi over 350 kroner legg departementet til grunn at dagens ordning for dagsoppgjer kan fungere tilfredsstillande. Det er likevel praktiske utfordringar for Skatteetaten ved å ha to ulike løysingar for betaling av krav som oppstår på bakgrunn av samlefortolling. Ei ny ordning med månadsoppgjer bør difor omfatte alle krav som vert deklarerte via ordninga for samlefortolling.

Departementet foreslår difor ei ny betalingsordning for varesendingar med låg verdi, det vil seie under 3 000 kroner, som vert deklarerte av speditørar i ein samledeklarasjon. Departementet foreslår at speditørar kan søkje om at tollavgift og andre avgifter som oppstår for slike varer, kan betalast den 18. neste månad.

Departementet foreslår at ordninga med månadleg oppgjjer elles har dei same vilkåra for bruk som dagsoppgjersordninga. Dette gjeld til dømes krava til søknad, kreditverdigheit og tilbakekalling av løyve til å nytte ordninga. Departementet vil fastsetje nærare

føresegner om dette i forskrift til skattebetalingsloven. Varesendingar med verdi over 3 000 kroner eller varer som ikkje vert omfatta av ordninga for samlefortolling, til dømes særavgiftspliktige varer, vert ikkje omfatta av endringa.

Departementet foreslår at ordninga lovteknisk vert heimla på same måte som dagsoppgjersordninga. Skattebetalingsloven § 10-41 fyrste og andre ledd har reglar om forfall av tollavgift, meirverdiavgift og særavgifter som oppstår ved innførselen. Ordninga med at månadsoppgjer forfell til betaling den 18. i neste månad er foreslått teke inn i skattebetalingsloven § 10-41 andre ledd. I skattebetalingsloven § 10-41 fyrste ledd vert det klargjort at hovudregelen om at slike krav forfell til betaling samtidig med plikta til å beregne avgifter oppstår, ikkje skal gjelde for dags- eller månadsoppgjer.

Skattebetalingsloven § 14-20 har nærmere føresegner om tollkreditt og dagsoppgjersordninga. Departementet foreslår at ordninga med månadsoppgjer vert teken inn i andre ledd og at overskrifta vert endra i samsvar med dette.

*Posten Norge AS* har i sitt svar skildra framlegget til skattebetalingslova § 10-41 andre ledd slik at deklarasjonar som kan inngå i ordninga med samlefortolling for ein månad, skal leverast den 18. i påfølgande månad. Framlegget til skattebetalingslova § 10-41 regulerer berre betalingsordninga for krav som er omfatta av ordninga med samlefortolling. Ordninga med samlefortolling, mellom dette når tolldeklarasjonen skal leverast, er regulert av vareførselsloven med forskrifter. Departementet finn grunn til å peike på at høyringa ikkje omfatta framlegg til endra fristar for å levere tolldeklarasjonane under ordninga for samlefortolling.

Posten skriv videre at dersom dei har forstått framlegget feil, ber dei om endringar i regelverket for levering av samlefortolling, slik at samlefortolling for ein månad skal leverast den 18. i påfølgande månad. Posten uttaler at ei slik løysing sikrar høve for korrekjonar i grunnlaget for samlefortollinga fram til forfallsdato, særleg knytt til retur av sendingar eller omrekning som følgje av dobbeltfakturering. Departementet synar til at ei samlefortolling kan korrigeras fleire gonger, slik at korrekjon som fylgje av retur av sendingar, som vert levert ein kalendermånad, vil kunne kome til frådrag i beløpet som fell til betaling den 18. i påfølgjande månad. Skatteetaten og Tolletaten vurderer forenklingar knytt til korrekjon av samlefortolling som fylgje av retur av sendingar som ikkje vert henta av mottakar av sendinga.

Departementet gjer framlegg om at månadleg oppgjersordning tek til å gjelde samtidig med at det mellombelse unntaket frå plikten til å levere deklarasjon for varer med verdi under 350 kroner vert oppheva, sjå punkt 5.3.3.

Departementet syner til framlegg om endring i skattebetalingsloven § 10-41 fyrste og andre ledd og § 14-20 overskrifta og andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. januar 2024.

#### **5.4.3 Avvikling av det mellombelse unntaket for varer under kroner 350**

Departementet gjorde i høyringa framlegg om at det mellombelse unntaket frå plikten til å levere deklarasjon for varer med verdi under 350 kroner vart oppheva frå 1. oktober 2023.

På bakgrunn av innspela i høyringa, meiner departementet at 1. januar 2024 vil vere eit meir hensiktsmessig tidspunkt for avvikling. Det gjev aktørar i vareførselen betre tid til å førebu seg på endringa. Tilstrekkeleg tid for aktørane i vareførselen er truleg naudsynt for å hindre at avviklinga inneber at det hopar seg opp med varer med låg verdi som må deklarerast på vanleg måte.

Og Tolletaten har gitt uttrykk for at 1. januar 2024 vil være eit betre tidspunkt for endringa.

Departementet legg opp til at det mellombelse unntaket for varer med verdi under 350 kroner vert avvikla 1. januar 2024, og vil følgje dette opp ved endringar i forskrifta til vareførselsloven.

#### **5.4.4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Delar av tilpassingane inngår som ein del av ei større digital omlegging som Tolletaten er i gang med. For Tolletaten har framlegga difor mindre økonomiske og administrative konsekvensar.

Konsekvensar for Skatteetaten vil vere systemutvikling som byggjer på noko gjenbruk av etablert funksjonalitet i systema til etaten, i tillegg til noko nyutvikling. Det må på ulike måtar leggjast til rette for å kunne tilby og ta i bruk ny månadleg oppgjersordning, og dessutan sikre oppfølging og etterleving av ordninga. Utvikling og tilrettelegging vil verte prioritert innanfor det gjeldande budsjettet til etaten.

Framlegget om månadleg oppgjersordning vil lette byrdane for næringslivet, og innebere ein viss likviditetsgevinst. Samtidig vil avviklinga av det mellombelse unntaket frå deklaringsplikten auke omfanget av sendingar som vert tollbehandla på ordinær måte. Det inneber at speditorar vil få meir arbeid med sendingar som til no har vorte utleverte til mottakaren utan vidare handtering.

Mengda sendingar under 350 kroner som det ikkje vert betalt meirverdiavgift for på grunn av det mellombelse unntaket frå plikten til å levere deklarasjon, er venta å verte redusert ved avvikling av deklarasjonsunntaktet. Kor stor effekten eventuelt vil vere, er særslig usikkert. Endringane som vart foreslått i høyringa, vil hjelpe til å sikre inntektene til staten frå ordninga. Ved at segmentet 350–3 000 kroner vil inngå i ei månadleg oppgjersordning, vert innbetalingane utsette samanlikna med dagens løysing med dagsoppgjer. Dette inneber eit avgrensa rentetap for staten.

## **6 Prioritet for skatte- og avgiftskrav ved rekonstruksjon**

Stortinget har til behandling framlegg om å føre vidare mellombels lov 7. mai 2020 nr. 38 om rekonstruksjon for å avhjelpe økonomiske problemer som følge av utbrudd av covid-19 (rekonstruksjonsloven) fram til 1. juli 2025, jf. Prop. 51 L (2022–2023) og Innst. 302 L (2022–2023). Ei slik forlenging vil gje Justis- og beredskapsdepartementet meir tid til lovarbeid med nye reglar om rekonstruksjon, som kan erstatte dei gamle reglane i konkurslova om gjeldsforhandling, når rekonstruksjonslova vert oppheva.

I samband med den mellombelse rekonstruksjonslova har Finansdepartementet i forskrift 11. mai 2020 nr. 974 om midlertidig unntak fra prioritetsreglene under rekonstruksjon etter midlertidig lov om rekonstruksjon, fastsett at reglane om prioritet for formues- og inntektsskatt, meirverdiavgift og trygdeavgift i dekningslova § 9-4 ikkje skal gjelde ved rekonstruksjon etter rekonstruksjonslova. Forskrifta gjeld til ho vert oppheva 1. juli 2023.

Departementet har vurdert om forskrifta skal førast vidare til 1. juli 2025, slik at unntaket frå prioriteten for skatte- og avgiftskrav ved rekonstruksjon gjeld i same periode som rekonstruksjonslova.

Reglane om prioritet for skatte- og avgiftskrav skal beskytte provenyet til staten, og reglane gjeld i dag på andre område enn rekonstruksjon, mellom anna ved konkurs og utanrettsleg akkord. Det har vore få saker om rekonstruksjon, og det er vanskeleg å seie noko sikkert om verknaden for provenyet om forskrifta vert forlenga med to år.

Skatteetaten si erfaring er at unntaket frå prioriteten i enkelte saker har ført til at skattekreditorane har fått dividende for fordinigar som ville fått full dekking ved konkurs, eller lågare dekking ved rekonstruksjon enn det fordinga ville vorte dekt med ved ein mogleg utanrettsleg akkord. I andre saker der skyldnaren er tilført midlar frå tredjepart, har skattekreditorane fått meir utbetalte ved rekonstruksjon samanlikna med konkurs.

Departementet legg til grunn at midlar frå tredjepart ville vorte tilført ved rekonstruksjon òg om det ikkje var unntak frå prioriteten, og at det difor er vanskeleg å rekne ut kva provenyet ville vore om skatte- og avgiftskrava var prioriterte.

Departementet legg til grunn at ei forlenging av forskrifta frem til 1. juli 2025 kan gje betre grunnlag for å vurdere om unntaket frå prioritetsreglane bør gjelde permanent ved rekonstruksjon dersom det vert vedteke nye reglar om rekonstruksjon i konkurslova.

Departementet foreslår difor å føre vidare forskrift 11. mai 2020 nr. 974 om midlertidig unntak fra prioritetsreglene under rekonstruksjon etter midlertidig lov om rekonstruksjon til 1. juli 2025. Departementet legg til grunn at framlegget har avgrensa verknad på provenyet.

## 7 Fritak for elavgift ved deling av lokal energiproduksjon

Ved behandlinga av Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022* vart det vedteke eit fritak i elavgifta for eigenproduksjon av straum frå fornybare energikjelder, jf. Stortinget sitt vedtak om avgift på elektrisk kraft romartal II § 2 fyrste ledd bokstav f. Bakgrunnen var at vilkåra for det gjeldande fritaket for solkraft gjer det vanskeleg for mellom anna burettslag å nytte fritaket for straum produsert ved solceller, jf. vedtaket § 2 fyrste ledd bokstav e.

Fritaket i elavgifta heng saman med endringar i plusskundeordninga under Olje- og energidepartementet. Endringane i plusskundeordninga vert gjennomført ved endringar i forskrift. Målet med dei nye reglane er å leggje til rette for at fleire burettslag og liknande kan delta i plusskundeordninga. Ordninga vil òg gjelde for næringsbygg. Ein plusskunde er ein forbrukar som i enkelttimar har eit overskot av kraft inn på nettet. Ein plusskunde kan nytte eigenproduksjon til å redusere sitt uttak frå nettet, og dimed spare utgifter til straum og nettleige. Ein slepp òg elavgift på forbruk av eigen produksjon.

Framlegg om nye reglar var på høyring i 2022. Dei fleste instansane er i høyringa positive til framlegget, men har hatt ulike innspel til vilkår for og gjennomføring av fritaket. I høyringa vart det lagt til grunn at ordninga skulle gjelde for anlegg med installert effekt på opptil 500 kW per eigedom. Fleire instansar har peikt på at ei grense på 500 kW er for lav. Ved behandlinga av olje- og energiministerens fråsegn om kraftsituasjonen 18. oktober 2022 vedtok Stortinget følgjande oppmodingsvedtak, sjå Innst. 25 S (2022–2023):

«Vedtak 17: Stortinget ber regjeringen vurdere å fjerne fritaksgrensen på 500 kW for nettleie og strøm som deles som nabolagsstrøm, eventuelt auke grensa for delingsanlegg for solceller til 4 000 m<sup>2</sup> eller 1 000 kW.»

Regjeringa har etter høyringa og etter Stortings oppmodingsvedtak bestemt at grensa skal vere på opptil 1 000 kW. Det vil likevel vere mogleg å ha større anlegg på ein eigedom, men produksjon som overstig grensa, vil ikkje få fritak. Einskilde nettselskap har teke til orde for at ordninga er administrativ byrdefull for nettselskapa og føreset systemtekniske tilpassingar.

Fritaket i elavgifta tek til å gjelde frå den tid departementet avgjer. Grunnen til utsett iverksetjing er at det har vore naudsynt å avklare spørsmål om offentleg støtte etter EØS-avtalen. Nettselskapa har òg varsla at dei treng tid til å leggje til rette for systemtekniske løysingar.

Departementet vurderer fritaket i elavgifta som foreinleg støtte etter EØS-avtalen. På usikkert grunnlag medfører auka effektgrense og iverksetjing av ordninga frå 1. oktober 2023 eit tap av proveny på 4 mill. kroner påløpt og 0 kroner bokført i 2023.

Heilårsverknaden er eit provenytap på 16 mill. kroner. Provenytapet er venta å auke over tid, i takt med installasjon av nye solcelleanlegg. I høyringa vart det anslått at dersom alle bustadblokker og tomannsbustader nyttar fritaket fullt ut, kan provenytapet verte i storleik 650 mill. kroner.

## **8 Grunnrenteskatt på landbasert vindkraft**

I Hurdalsplattforma er regjeringa tydeleg på at lokalsamfunn og fellesskapet bør få ein rettvis del av verdiane som vert skapt ved utnytting av fellesskapets naturressursar. I Prop. 1 LS (2022–2023) vart det varsle at regjeringa ville sende på høyring eit framlegg om grunnrenteskatt på landbasert vindkraft.

Regjeringa sende framlegg om grunnrenteskatt på landbasert vindkraft på høyring 16. desember 2022. Frist for å kome med høyringsfråsegn var 15. mars 2023.

Høyringsframlegget la opp til ikraftsetjing frå 2023, med siktet mål om eit lovframlegg for Stortinget vårsesjonen 2023. Verknadstidspunktet skulle likevel vurderast nærmare, mellom anna i lys av høyringsfråsegna. Det kom inn om lag 140 høyringsfråsegn.

Departementet arbeider no med lovframlegg. I lys av mellom anna innspel frå høyringa og tidsomsyn, tek regjeringa sikte på å foreslå grunnrenteskatt på landbasert vindkraft for Stortinget haustsesjonen 2023, med verknad frå og med inntektsåret 2024.

Utsetjinga påverkar ikkje den vedteke aukinga frå 1 til 2 øre/kWh i produksjonsavgifta på landbasert vindkraft for 2023.

Førebels utgåve

## **9 Opprettingar og presiseringar m.m.**

### **9.1 Petroleumsskatteloven § 11 femte ledd**

Petroleumsskatteloven har særreglar om realisasjon og uttak av driftsmiddel som nemnde i § 3 b (produksjonsinnretning og røyrleidning). Føremålet er å ha symmetrisk behandling av avskrivningar og friinntekt hos kjøpar og realisasjonsskattlegging hos seljar. Reglane inneber òg at seljar ikkje får friinntekt for meir enn det som svarar til seljaren sine investeringar i petroleumsverksemda. Særreglane om realisasjon og uttak har avgrensa verknad i praksis. Årsaka er at avhending av § 3 b-driftsmiddel til vanleg vert gjort saman med tilhøyrande løyve til utvinning, og skattlegginga følgjer då av petroleumsskatteloven § 10 (dvs. skattemessig kontinuitet).

Etter petroleumsskatteloven kan avskriving og friinntekt byrje frå og med det året kostnadene er pådregne. Dersom reglane vert endra, kan eitt og same driftsmiddel avskrivast og få friinntekt etter ulike regelsett. Ved omlegginga av særskatten for petroleumsverksemda til ein kontantstraumskatt frå inntektsåret 2022, sjå Prop. 88 LS (2021–2022) og Innst. 440 L (2021–2022), vart reglane om skattlegging av § 3 b-driftsmidler ved realisasjon tilpassa dei ulike avskrivings- og friinntektsreglane i tråd med det ovannemnde føremålet. Det gjeld petroleumsskatteloven § 5 fjerde ledd for driftsmiddel som er omfatta av den nye kontantstrømskatten, og petroleumsskatteloven § 11 femte ledd for driftsmiddel som fell innanfor dei mellombelse petroleumsskattereglane (sjå Prop. 113 L (2019–2020 og etterfølgjande endring av friinntektsatsen i dei mellombelse reglane i Prop. 1 LS (2022–2023)). I tillegg vart reglane om skattlegging ved realisasjon i tidlegare § 5 femte ledd i petroleumsskatteloven ført vidare i ei overgangsføresegn for driftsmiddel som er omfatta av dei tidlegare avskrivings- og friinntektsreglane, sjå tredje ledd i overgangsføresegn ved omlegginga av særskatten til ein kontantstraumskatt.

Regelen i petroleumsskatteloven § 11 femte ledd om inntekts- eller frådragsføring av friinntekt ved realisasjon av driftsmiddel som fell innanfor dei mellombelse reglane, er i utgangspunktet utforma etter same modell som den tidlegare regelen i petroleumsskatteloven § 5 femte ledd om berekning av friinntekt ved realisasjon og uttak. Etter tidlegare § 5 femte ledd (ført vidare i overgangsføresegn ved omlegginga til kontantstrømskatt) skal grunnlaget for berekna friinntekt (til frådrags- eller inntektsføring) ved realisasjon «settes lik realisasjonsvederlaget fratrukket historisk kostpris multiplisert med en justeringsfaktor. Justeringsfaktoren settes til forholdet mellom gjenværende friinntektsperiode og samlet friinntektsperiode.» Heile delleddet «historisk kostpris multiplisert med en justeringsfaktor» er meint å ta omsyn til at seljaren vil miste eventuell attverande friinntekt ved realisasjon, og at dette difor bør kome til fråtrekk ved berekninga av friinntekta som skal takast til inntekt.

Dei mellombelse reglane i petroleumsskatteloven § 11 første og andre ledd inneber at friinntekta vert trekt frå i grunnlaget for særskatt i det året utgiftene vert pådregne. Då er det ingen friinntektsperiode igjen. Følgjeleg skal det ikkje vere noko fråtrekk i

realisasjonsvederlaget ved berekninga av friinntekta som skal takast til inntekt. Med formuleringa i tidlegare § 5 femte ledd ville dette skjedd automatisk, ettersom justeringsfaktoren vert lik null.

Ved ein feil vart orda «fratrukket historisk kostpris» ståande i petroleumsskatteloven § 11 femte ledd andre punktum. Det rette er at heile delleddet med historisk kostpris og justeringsfaktoren skal takast ut. Departementet foreslår at føresegna om realisasjon og uttak i petroleumsskatteloven § 11 femte ledd andre punktum vert retta opp ved at orda «fratrukket historisk kostpris» vert fjerna. På den måten vil reglane stemme overeins med den tidlegare regelen om realisasjon (§ 5 femte ledd).

Dersom eit driftsmiddel vert avhenda i det same inntektsåret som kostnadene er pådregne, legg departementet til grunn at petroleumsselskapet som sel driftsmiddelet, ikkje kan krevja friinntekt etter petroleumsskatteloven § 11. Det er då heller ikkje aktuelt å inntektsføre friinntekt etter petroleumsskatteloven § 11 femte ledd andre punktum.

Departementet syner til framlegg om endring i petroleumsskatteloven § 11 femte ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.2 Skatteloven § 4-3 første ledd bokstav e**

Skatteloven § 4-3 første ledd bokstav e viser til «forhåndsskatt» og «resterende skatt». Ved lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav vart det gjort terminologiske endringar slik at omgrepene «forhåndsskatt» og «resterende skatt» skulle falle inn under omgrepene «forskuddsskatt» og restskatt», jf. Ot.prp. nr.83 (2004–2005) s. 49. Det er difor naudsynt å korrigere omgrepene i skatteloven § 4-3, slik at desse samsvarer med terminologien i skattebetalingsloven.

Departementet syner til framlegg om endringar i skatteloven § 4-3 første ledd bokstav e. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## **9.3 Skatteloven §§ 5-31, 14-42 og 14-44**

Hovudregelen er at offentlege tilskot er skattepliktige, jf. skatteloven § 5-1. Er tilskot nytta til å erverve driftsmidlar som kan avskrivast, skal skattlegginga skje ved at tilskotet vert trekt ifrå driftsmiddelet sin kostpris, jf. skatteloven § 14-42 andre ledd bokstav a andre punktum. Skattlegginga vil då skje ved at dei årlege avskrivingane vert reduserte, eventuelt ved høgare gevinst når driftsmiddelet vert realisert.

Etter skatteloven § 5-31 bokstav a, er det eit unntak frå hovudregelen om skatteplikt i § 5-1, for «tilskudd til investeringer i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr innenfor rammen av forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket av 19. desember 2014 nr. 1816, innenfor det geografiske området som omfattes av § 3 i forskrift 14. desember 2021 nr. 3661 og distriktsrettet investeringsstøtte etter samme forskrift, jf. likevel § 14-44 første ledd siste punktum».

Etter skatteloven § 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum, er det eit unntak frå andre punktum om at tilskot skal trekast frå i kostprisen. Den har den same avgrensinga som

for § 5-31 bokstav a. Vert driftsmiddelet selt før fem år etter at det er erverva, vert tilskotet å rekne som ein del av vederlaget og kjem til skattlegging på den måten, jf. skatteloven § 14-44 fyrste ledd siste punktum.

Slik skatteloven §§ 5-31 bokstav a, 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum og 14-44 fyrste ledd siste punktum er utforma, gjeld desse unntaka berre innanfor det nærlare geografiske området som er omfatta av § 3 i forskrift 14. desember 2021 nr. 3661, jf. § 8. Denne forskrifta har sin heimel i lov 27. november 1992 nr. 117 om offentlig støtte. Med verknad frå 1. januar 2023 vart denne lova oppheva, og avløyst av lov 4. april 2022 nr. 7 om nasjonale saksbehandlingsregler i saker om offentlig støtte (støtteprosessloven). Støtteprosessloven korkje fører vidare forskrift 14. desember 2021 nr. 3661, eller har føresegner som gjev fullmakt til å gje ny forskrift som svarer til den som no ikkje lenger gjeld. At lova om offentleg støtte er oppheva, fører med seg at forskrift 14. desember 2021 nr. 3661, er utan rettsverknad, jf. Justisdepartementet sin rettleiar «Lovteknikk og lovforberedelse» punkt 7.3.5 på s. 122.

Skatteloven har ikkje sjølv reglar om tilskotsordninga som er omfatta av skattefritaket, ho berre syner til forskrift 14. desember 2021 nr. 3661, som er fastsett av Kommunal- og distriktsdepartementet. Sjølv om denne forskrifta no er utan rettsverknad ved at heimelslova er oppheva, så legg Kommunal- og distriktsdepartementet til grunn at støtteordningane likevel har heimel i departementet sine eigne retningsliner. Skatteloven sine tilvisingar til forskrift 14. desember 2021 nr. 3661 er uansett ikkje korrekte og bør rettast opp, for ved det å klargjere heimelsgrunnlaget for skattefritaket. I framlegget til ny lovtekst er det løyst ved at skattefritaket omfattar investeringssstøtte etter «regelverk» under Kommunal- og distriktsdepartementet. Ei oppretting i samsvar med dette vil føre vidare gjeldande skattefritakspraksis slik han er i dag.

Finansdepartementet gjer merksam på skattefritaket etter skattelova § 5-31 mv. som gjeld tilskot til investeringar i faste anlegg og tilhøyrande produksjonsutstyr etter forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket av 19. desember 2014 nr. 1816, ikkje vert påverka av dette framlegget.

Endringane bør få verknad frå det same tidspunkt som forskrift 14. desember 2021 nr. 3661 mista si rettsverknad, altså frå 1. januar 2023. Departementet syner til framlegg om endringar i skatteloven §§ 5-31 bokstav a, 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum og 14-44 fyrste ledd siste punktum.

## **9.4 Skatteloven §§ 12-11 og 16-22**

I skatteloven § 12-11 fyrste ledd fyrste punktum er det ein «r» for lite i ordet «fradrag», slik at det no står «fradag». Departementet foreslår at skrivefeilen vert retta. Det same er òg tilfellet i skatteloven § 16-22 fyrste ledd andre punktum. Departementet foreslår at skrivefeilen vert retta.

Departementet syner til framlegg om endringar i skatteloven § 12-11 fyrste ledd fyrste punktum og § 16-22 fyrste ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## **9.5 Skattebetalingsloven § 10-1 fyrste ledd og § 10-51 tredje ledd**

Skattebetalingsloven § 10-1 fyrste ledd første punktum fastset at skatte- og avgiftskrav skal betalast ved forfall, sjølv om fastsetjinga er under endring, klaga på eller brakt inn for domstolen. Det er gjort unntak i andre punktum når det kan gjevast utsett iverksetjing av vedtak etter mellom anna tollavgiftsloven § 12-7. Tidlegare synte skattebetalingsloven § 10-1 fyrste ledd til tolloven § 16-19 om utsett iverksetjing av vedtak om sanksjon, som no er oppheva. I Prop. 237 L (2020–2021) *Lov om inn- og utførsel av varer (vareførselsloven)* og *lov om tollavgift (tollavgiftsloven)*, vart tilvisinga til tolloven § 16-19 endra til tollavgiftsloven § 12-7. Tollavgiftsloven har reglar om utsett iverksetjing av vedtak om tilleggsavgift og lovbrotsgebyr ved klage eller søksmål. Vareførselsloven § 12-2 fjerde og femte ledd har også reglar om utsett iverksetjing av vedtak om lovbrotsgebyr ved klage eller søksmål. Det følgjer av Prop. 237 L (2020–2021) at § 12-2 fjerde og femte ledd vidarefører tolloven § 16-19. Ved ein inkurie vart det ikkje synt til vareførselsloven § 12-2 ved endring av skattebetalingsloven § 10-1 fyrste ledd i Prop. 237 L (2020–2021). For å vidareføre tolloven § 16-19 i sin heilskap, meiner departementet at skattebetalingsloven § 10-1 fyrste ledd også må ha ei tilvising til vareførselsloven § 12-2 fjerde og femte ledd.

Den same feilen gjeld for skattebetalingsloven § 10-51 tredje ledd. Føresegna har reglar om forfall ved utsett iverksetjing av skatte- og avgiftskrav ved søksmål, med tilvising til mellom anna tollavgiftsloven § 12-7 andre ledd om utsett iverksetjing av vedtak om tilleggsavgift og lovbrotsgebyr ved søksmål. Det er ved ein inkurie ikkje synt til vareførselsloven § 12-2 femte ledd, som også har reglar om utsett iverksetjing av vedtak om lovbrotsgebyr ved søksmål. Departementet foreslår å rette dette ved å ta inn ei tilvising til vareførselsloven § 12-2 femte ledd i skattebetalingsloven § 10-51 tredje ledd.

Departementet syner til framlegg om endring i skattebetalingsloven § 10-1 fyrste ledd og § 10-51 tredje ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## **9.6 Skattebetalingsloven § 10-41 tredje ledd**

I Prop. 1 LS (2022–2023) *Skatter, avgifter og toll 2023* vart skattebetalingsloven § 10-41 tredje ledd endra. Ved ein inkurie fall siste setning av føresegna vekk ved endringa. Departementet foreslår å rette dette ved at setninga vert teken inn igjen.

Departementet syner til framlegg om endring i skattebetalingsloven § 10-41 tredje ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.7 Skattebetalingsloven § 14-10 fyrste ledd**

Skattebetalingsloven § 14-10, som gjeld tvangssal av varer mv. etter vareførselsloven, har i fyrste ledd tilvising til vareførselsloven § 4-4 tredje ledd. Rett tilvising er vareførselsloven § 4-4 andre ledd. Departementet foreslår å rette feilen.

Departementet syner til framlegg om endring i skattebetalingsloven § 14-10 fyrste ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.8 Lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav**

Ved lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav vart skattebetalingsloven § 15-1 tredje ledd endra, men lova tredde aldri i kraft. Skattebetalingsloven § 15-1 tredje ledd er seinare oppheva. Det er ikkje planlagt at endringslova frå 2006 på noko tidspunkt skal tre i kraft. Departementet foreslår difor at lova vert oppheva.

Departementet syner til framlegg om lov om opphevelse av lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav. Departementet foreslår at lova tek til å gjelde straks.

## **9.9 Merverdiavgiftsloven § 4-12 andre ledd**

Merverdiavgiftsloven § 4-12 andre ledd, som gjeld omrekning av utanlandsk valuta til norske kroner, har i andre ledd ei tilvising til tolloven § 7-19. Rett tilvising skal vere til vareførselsloven § 6-12, som vidarefører tolloven § 7-19.

Departementet syner til framlegg om endring i merverdiavgiftsloven § 4-12 annet ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.10 Merverdiavgiftsloven § 9-1 andre ledd**

Merverdiavgiftsloven § 9-1 andre ledd bokstav a inneheld ei tilvising til § 6-7 tredje ledd. Rett tilvising skal vere § 6-7 fyrste ledd.

Departementet syner til framlegg om endring i merverdiavgiftsloven § 9-1 andre ledd bokstav a. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.11 Merverdiavgiftsloven 10-7 andre ledd**

Merverdiavgiftsloven § 10-7 andre ledd, som gjeld frist for gjenutførsel av varer for rett til refusjon, viser til refusjon i tilfelle som nemnt i fyrste ledd bokstav a til c.

Merverdiavgiftsloven § 10-7 fyrste ledd bokstav d regulerer i tillegg hove til refusjon når det ligg føre «særlege grunnar». Samstundes med ny tollavgiftslov vart fyrste ledd omregulert. Dei tilfella av refusjon som i dag følgjer av fyrste ledd bokstav d, følgde tidlegare av fyrste ledd bokstav b. Tilvisinga i andre ledd skulle difor ha vore endra slik at ho omfattar bokstav d.

Departementet syner til framlegg om endring i merverdiavgiftsloven § 10-7 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.12 Merverdiavgiftsloven § 14-1 andre og tredje ledd**

Merverdiavgiftsloven § 14-1 andre til fjerde ledd gjeld tidspunktet for frivillig registrering og fellesregistrering i Merverdiavgiftsregisteret. Føresegne angjev frå kva tidspunkt

registreringa får verknad. Andre ledd tredje punktum og tredje ledd tredje punktum angjev verknadstidspunktet dersom «søknaden er levert på papir».

I 2021 vart det innført plikt til å levere melding om registrering i Merverdiavgiftsregisteret elektronisk, sjå skatteforvaltningsforskrifta § 8-1-2 fyrste ledd, og det tidlegare skjemaet frå Brønnøysundregistra «Samordnet registermelding del 2 – Tillegg for Merverdiavgiftsregisteret» er avvikla. Alternativet «levert på papir» i merverdiavgiftsloven § 14-1 andre og tredje ledd har er dimed ikkje lengeraktuelt. Ved ein inkurie har ikkje lovverket vorte oppdatert.

Departementet syner til framlegg om endring i merverdiavgiftsloven § 14-1 andre og tredje ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### **9.13 Folkeregisterloven § 1-3**

I folkeregisterloven § 1-3 andre punktum er «behandlingsansvarlig» ved ein feil stava «behandlingsanvarlig». Departementet foreslår at skrivefeilen vert retta.

Departementet syner til framlegg om endring i folkeregisterloven § 1-3 andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

### **9.14 Vareførselsloven § 1-4 andre ledd**

Tolloven vart frå 1. januar 2023 erstatta av vareførselsloven og tollavgiftsloven. Etter tolloven § 1-5 andre ledd kunne departementet tildele myndigkeit etter loven til studentar som er i praksis hos tollmyndighetene. Framleggget vart fremja i Prop 1 LS. (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll*. Ved ein inkurie vart ikkje tolloven § 1-5 andre ledd vidareført i det nye regelverket. For å kunne oppretthalde ordninga med praksisperiode for studentar i Tolletaten, meiner departementet det er behov for å vidareføre tolloven § 1-5 andre ledd i nytt regelverk.

Studentane vil utøve myndigkeit etter vareførselsloven når dei er i praksis i Tolletaten. Departementet meiner difor at det er naudsynt å ta inn ein regel om tildeling av myndigkeit til studentane i vareførselsloven. Departementet foreslår at ein slik heimel vert plassert i vareførselsloven § 1-4 andre ledd, saman med tollmyndighetene sin rett til å krevje politiattest. Ny overskrift vil verte «Politiattest og tildeling av myndighet til studenter i praksis». Vareførselsloven § 1-4 andre ledd vert slått saman med § 1-4 fyrste ledd.

Departementet syner til framlegg om endring i vareførselsloven § 1-4. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### **9.15 Vareførselsloven § 6-8 andre ledd**

Det følgjer av vareførselsloven § 6-8 andre ledd at «[d]epartementet kan gi forskrift om utregning av tollverdien». I Prop. 237 L (2020–2021) er det i merknaden til vareførselsloven § 6-8 uttalt at føresegna vidarefører tolloven § 7-15. Det følgjer av tolloven § 7-15 andre ledd, som er meint vidareført i vareførselsloven § 6-8 andre ledd, at

«[d]epartementet kan gi forskrift om utregnet tollverdi etter denne paragraf». Formuleringsa «utregning av tollverdien» er noko upresis, og departementet foreslår at ordlyden i vareførselsloven § 6-8 andre ledd endres til «utregnet tollverdi».

Departementet syner til framlegg om endring i vareførselsloven § 6-8 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.16 Vareførselsloven § 7-15 tredje ledd**

I vareførselsloven § 7-15 tredje ledd er det brukt komma for å markere slutten på setninga i staden for punktum. Departementet foreslår at skrivefeilen vert retta.

Departementet syner til framlegg om endring i vareførselsloven § 7-15 tredje ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.17 Vareførselsloven § 9-1 tredje ledd**

Vareførselsloven § 9-1 tredje ledd slår fast at tvangsmiddel etter ein annan stat si lovgjeving berre kan brukast i kontrollområdet «ved undersøkelser i umiddelbar sammenheng med en overtredelse av vareførselslovens § 12-6 om straff for ulovlig vareførsel, eller forsøk på slik overtredelse». I vareførselsloven er likevel straff for ulovleg vareførsel regulert i § 12-5. Vareførselsloven § 9-1 tredje ledd må difor endrast til at det gjeld lovbrotsplikt som nemnde i § 12-5.

Departementet syner til framlegg om endring i vareførselsloven § 9-1 tredje ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.18 Vareførselsloven § 12-2 første ledd bokstav a, b og d**

Vareførselsloven § 12-2 regulerer når tollmyndighetene kan ilette lovbrotsgebyr ved brot på plikter etter vareførselsloven. Den vidarefører i hovudsak tolloven § 16-17.

Etter første ledd bokstav a kan lovbrotsgebyr ilettaast den som «innfører en vare uten å oppfylle plikter ved ankomst til tollområdet etter lovens kapittel 2». Vareførselsloven kapittel 2 identifiserer føraren av transportmiddel som ansvarssubjekt for plikt til å gå direkte til avgjerdssstaden ved tilkomst til tollområdet, melde- og opplysningsplikt ved tilkomst til avgjerdssstaden, opplysningsplikt ved vidare transport i tollområdet og plikter knytt til lossing, jf. hhv. § 2-2, § 2-3, § 2-5 og § 2-6. Plikt om førehandsvarsling og plikt om framlegging ligg til «den som bringer» og «den som innfører» ei vare til tollområdet, jf. hhv. § 2-1 og § 2-4. Subjektet for lovbrotsgebyret kan difor variere etter kva pliktregel i kapittel 2 som er broten, og vil ikkje alltid tilsvare «den som innfører». Bruk av omgrepene «innfører» kan oppfattast som ei avgrensing som ikkje er tilskikta. Departementet foreslår at vareførselsloven § 12-2 første ledd bokstav a vert endra til å regulere at lovbrotsgebyr kan ilettaast av tollmyndighetene overfor den som «overtrer plikter etter kapittel 2».

Fyrste ledd bokstav b fastset at lovbrotsgebyr kan ilettaast «den som innfører en vare uten å oppfylle plikter etter kapittel 3». Vareførselsloven kapittel 3 har føresegner om mellom

anna plikt til å tollbehandle varer som vert innførte til tollområdet, deklarering av varer, levering av deklarasjon og plikt til å levere ein ny deklarasjon ved ei anna disponering av vare enn etter den deklarerte prosedyren, jf. hhv. §§ 3-1 til 3-3 og § 3-6. Dei aktuelle føresegnene i kapittel 3 syner ikkje direkte til at «den som innfører» er pliktsbjekt. Bruk av formuleringa «innfører» kan her òg oppfattast som ei avgrensing som ikkje er tilsvikta. Departementet foreslår at vareførselsloven § 12-2 første ledd bokstav b vert endra til å regulere at lovbrotsgebyr kan ildiggjast av tollmyndighetene overfor den som «overtrer plikter etter kapittel 3».

Fyrste ledd bokstav d fastset at lovbrotsgebyr kan ildiggjast «den som utfører en vare uten å oppfylle plikter ved avreise og tollbehandling etter kapittel 5». Dette omfattar plikt til å gi førehandsvarsel om varer som vert ført ut, plikter ved lasting, meldeplikt ved avreise frå tollområdet, plikt til å leggje varen fram for tollmyndighetene, tollbehandling av varer og deklarasjonsplikt, jf. §§ 5-1 til 5-9. Enkelte av desse pliktene høyrer til føraren av transportmiddel, medan andre gjeld for «den som skal utføre en vare frå tollområdet», eller «enhver som kan gi de opplysninger som er nødvendige for prosedyren». Uttrykket «den som utfører» passar difor ikkje for alle dei pliktsbjekta som er regulerte i kapittel 5. Dette er ikkje tilsvikta. Departementet foreslår at vareførselsloven § 12-2 første ledd bokstav d vert endra til å regulere at tollmyndighetene kan ildiggje lovbrotsgebyr overfor den som «overtrer plikter etter kapittel 5».

Departementet syner til framlegg om endring i vareførselsloven § 12-2 første ledd bokstav a, b og d. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## **9.19 Vareførselsloven § 12-7**

I vareførselsloven § 12-7 manglar det ein «r» i ordet «straffes». Departementet foreslår at skrivefeilen vert retta.

Departementet syner til framlegg om endring i vareførselsloven § 12-7. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.20 Tollavgiftsloven § 8-1 andre ledd**

Tollavgiftsloven § 8-1 har reglar om teieplikt. Føresegna vidarefører delar av tolloven § 12-1. Det følgjer av § 8-1 andre ledd at teieplikta ikkje gjeld for registreringspliktig statsstøtte med tilvising til lov 27. november 1992 nr. 117 om offentlig støtte § 2 a. I lov 4. mars 2022 nr. 7 om nasjonale saksbehandlingsregler i saker om offentlig støtte (støtteprosessloven) § 19, vart tilvisinga i tolloven § 12-1 sjuande ledd endra til å vise til støtteprosessloven § 7 første ledd. Den same endringa må takast inn i tollavgiftsloven § 8-1. Tilvisinga i tollavgiftsloven § 8-1 andre ledd må difor endrast slik at det vert synt til støtteprosessloven § 7 første ledd.

Departementet syner til framlegg om endring i tollavgiftsloven § 8-1 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **9.21 Tollavgiftsloven § 11-4**

Det følgjer av tollavgiftsloven § 11-4 at «[t]ollmyndighetene kan treffe enkeltvedtak om nedsettelse av tollavgift dersom det oppstår tilfeller eller situasjoner som ikke var overveid da Stortingets vedtak om toll ble truffet, og tollavgiften i det enkelte tilfellet får en utilsiktet og klart urimelig virkning». Stortinget sitt vedtak «om toll» er endra til vedtak «om tollavgift», i samsvar med tollavgiftsloven. Departementet foreslår at formuleringa i § 11-4 vert endra til «Stortingets vedtak om tollavgift».

Departementet syner til framlegg om endring i tollavgiftsloven § 11-4. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Førebels utgåve

## **10 Endringar i forskotteringsloven**

### **10.1 Bakgrunn**

Det tidlegare særfrådraget for einslege forsørgjarar i skattesystemet vart avvikla med verknad frå 1. mars 2023, samstundes som den utvida barnetrygda etter lov 8. mars 2002 nr. 2 om barnetrygd (barnetrygdloven) auka med eit beløp tilsvarande maksimal skatteverdi av særfrådraget i 2022. Bakgrunnen for omlegginga var å forenkle støtta til einslege forsørgjarar ved å flytte støtta frå skattesystemet til trygdesystemet, sjå Prop. 1 LS (2022–2023), punkt 3.2. Departementet la til grunn for endringa at ingen mottakarar av utvida barnetrygd ville kome därlegare ut som følgje av omlegginga samanlikna med i 2022, sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Barne- og familidepartementet, Programkategori 11.10 Familie og oppvekst.

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2023 òg å gje ein ekstra auke i utvida barnetrygd på 5 000 kroner i året, samt å prisjustere alle barnetrygdsatsane. Denne ekstra auken skulle styrke den økonomiske situasjonen for einslege forsørgjarar i ei tid med høg prisstiging og kostnadsvekst.

Satsen for utvida barnetrygd auka frå 1 054 kroner i månaden til 2 489 kroner i månaden, gjeldande frå mars 2023, som følgje av desse tre endringane.

I samband med at saker med utbetaling av bidragsforskot etter lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (forskotteringsloven), vart revurderte i Arbeids- og velferdsetaten (Nav) i mars 2023, vart det klart at ein del mottakarar av den behovsprøvde ytinga bidragsforskot, mista retten til forskotet eller fekk forskotet redusert, fordi den samla auken i utvida barnetrygd gjorde at inntekta auka. Utvida barnetrygd er ein del av inntektsgrunnlaget ved behovsprøvinga av forskot, og auken i utvida barnetrygd påverka behovsprøvinga for om, og med kva sats, forskotet skulle utbetalast. I tillegg har verdien av særfrådraget ved ein inkurie over tid ikkje vore teken omsyn til ved behovsprøvinga, noko som òg har gjeve utslag når denne støtta no inngår i den auka utvida barnetrygda. Førebelse tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet syner at auken i den utvida barnetrygda har vore utslagsgjenvande i 1 490 saker som råkar 1 810 barn. Av desse 1 490 sakene har 957 barn mista forskotet, og for 843 barn er forskotet redusert.

Regjeringa foreslår på denne bakrunnen endringar i forskotteringsloven slik at einslege forsørgjarar ikkje mistar eller får forskotet redusert som følgje av auken i utvida barnetrygd i 2023. Framlegget har ikkje vore på offentleg høyring. Endringane vil tre i kraft frå 1. juli 2023.

### **10.2 Gjeldande rett**

#### **10.2.1 Forskoteringsordninga**

Forskoteringsordninga er regulert i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (forskotteringsloven). Det følgjer av lova § 1 at føremålet med ordninga er å sikre at barn

som er omfatta av lova, får eit minste månadleg underhaldsbidrag. Bidragsforskot er ei offentleg yting som vert utbetalt når barnebidrag av ulike årsaker ikkje vert betalt, sjå nedanfor. Det er Nav som forvaltar forskoteringsordninga og som treffer vedtak om bidragsforskot, jf. forskoteringsloven § 9.

Bidragsforskot vert ytt til barn under 18 år, jf. forskoteringsloven § 2. Det er eit vilkår at barnet bur i riket og oppheld seg her, og ikkje bur saman med begge foreldra. Det er ikkje krav til at foreldra formelt er separerte eller skilde, og faktisk samlivsbrot er tilstrekkeleg. Det er rett til bidragsforskot der barnet bur saman med berre den eine av foreldra, har delt bustad, bur aleine eller hos ein annan enn foreldra, til dømes besteforeldre. Der barnet bur aleine eller bur hos til dømes besteforeldre, kan forskot utbetalast sjølv om foreldra bur saman. Det er den som har den faktiske omsorga for barnet som kan setje fram krav om bidragsforskot, og som har rett til å få bidragsforskotet på vegner av barnet, jf. forskoteringsloven § 6. Unntak gjeld viss ein annan har rett til å få barnebidraget på vegner av barnet.

Etter forskoteringsloven § 3 første ledd er det eit vilkår for rett til bidragsforskot at Innkrevjingssentralen for bidrag og tilbakebetalingskrav (Innkrevjingssentralen) krev inn barnebidrag som er avtalte eller fastsette. Dette har samanheng med at det offentlege har krav på refusjon for utlagt bidragsforskot, og trår inn i retten til barnebidrag for same beløp som er utbetalt i forskot, jf. forskoteringsloven § 10. Nav kan etter forskoteringsloven § 3 andre ledd av eige tiltak fastsetje eller endre eit laupande barnebidrag etter reglane i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) for å sikre refusjonskravet til det offentlege.

Bidragsforskot vert ytt sjølv om barnebidrag ikkje vert fastsett, dersom dette kjem av manglande, eller delvis, bidragsevne hos den bidragspliktige, og barnebidraget er fastsett lågare enn forskotsbeløpet, jf. forskoteringsloven § 3 tredje ledd. Det same gjeld viss farskap ikkje er fastsett, viss barnet er adoptert av ein einsleg adoptant, eller viss den eine av foreldra er død og barnet ikkje har rett til barnehjem fra folketrygda eller liknande yting frå utlandet.

Retten til forskot fell bort dersom årsinntekta til forskotsmottakaren er høgare enn 320 gonger auka forskotsbeløp for eitt barn, jf. forskoteringsloven § 4 tredje ledd. Andre grunnar til at retten til forskot fell bort, er mellom anna at barnet får rett til barnehjem etter lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) kapittel 18, sjå forskoteringsloven § 4 første ledd.

Det følgjer av forskoteringsloven § 7 første ledd at bidragsforskot vert utbetalt frå og med den kalendermånen vilkåra for forskot vart oppfylte, men likevel ikkje for lengre tid tilbake enn tre månader før den månaden kravet om forskot vart sett fram. Er det likevel på det reine at vedkomande ikkje har sett fram krav tidlegare på grunn av feil eller misvisande opplysningar frå Nav, kan forskot etterbetalast for inntil tre år. Dersom eit krav om bidragsforskot er feilaktig avslått, og dette kjem av ein feil som ein ikkje kan tilskrive den som har sett fram kravet, kan forskotet etterbetalast for ein lengre periode enn tre år, jf. forskoteringsloven § 7 andre ledd.

Bidragsforskotet vert utbetalt forskotsvis i byrjinga av kvar månad, jf. forskotteringsloven § 7 femte ledd.

### **10.2.2 Behovsprøvinga av bidragsforskot**

Forskotet er ei behovsprøvd yting som vert utbetalt per barn. Forskotet vert prøvt mot inntekta til forskotsmottakaren, talet på eigne barn i eigen husstand og om forskotsmottakaren er einsleg eller gift/sambuande. Det er fire forskotssatsar, dels fastsette i forskotteringsloven § 5, dels i forskrift 6. februar 2003 nr. 125 om gjennomføringen av bestemmelsene om inntektsprøving av forskott.

Inntektsomgrepa for fastsettjing av barnebidrag etter barnelova og for fastsettjing av bidragsforskot etter forskotteringsloven er parallelle. I begge ordningane vil ein òg rekne med inntekter som offentlege stønader og ytingar som utvida barnetrygd, kontantstøtte for bidragsbarnet og småbarnstillegget i barnetrygda i inntekta til forskotsmottakaren saman med person- og kapitalinntekt, overgangsstønad m.m. Inntektene er følgjeleg person- og kapitalinntekt etter lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven), med tillegg av offentlege familieytingar som ikkje er skattepliktige.

Det følgjer av forskrifta § 3 at det vert skilt mellom «redusert forskot», «ordinært forskot», «auka forskot» og «auka forskot 11 år».

Grensa for å få auka forskot er eitt og same beløp for alle, det vil seie ikkje avhengig av talet på barn eller sivilstatusen til forsørgjaren, sjå forskotteringsloven § 5 første ledd og forskrifta § 3 bokstav a. Grensa er ikkje fastsett til eit bestemt beløp i forskotteringsloven, men det følgjer av lova at ho skal følgje grensa for når ein vurderer ein einsleg bidragsepliktig til å ha evne til å betale barnebidrag etter barnelova § 71 første ledd andre punktum (bidragsevnevurderinga).

Grensene for å få ordinært forskot er fastsette som separate grenser for mottakarar med ny ektefelle/sambuar og for einslege forsørgjarar, sjå forskrifta § 3 bokstav b. Grensene er sette lik den inntekta som ein vurderer til å gje «full forsørgingsevne», og grensene aukar dersom det er to eller fleire barn i husstanden. Inntektene inkluderer offentlege stønader og ytingar, og inntektsutrekninga er parallell med ho som vert brukt når ein fastset barnebidrag.

Når ein fastset grensa for redusert forskot, nyttar ein underhaldskostnader (det vil seie utrekningar av kva det kostar å forsørgje barn i ulike aldersklassar, jf. bidragsregelverket) og sjablongmessige skatteutrekningar, sjå forskotteringsloven § 5 første ledd og forskrifta § 5. Full forsørgingsevne inneber her at nettoinntekta til mottakaren etter ei sjablongmessig skatteutrekning svarer til ein standard underhaldskostnad for barnet/barna, der det er lagt til ei normert avsetjing til eigne forbruks- og buutgifter for forskotsmottakaren. Grensene korresponderer med dei tilsvarande grensene som gjeld for bidragsevnevurderinga av bidragsepliktige etter barnelova.

Grensa for bortfall av forskot er eitt og same beløp for alle og svarer til 320 gonger auka forskotsbeløp for eitt barn, sjå forskoteringsloven § 4 tredje ledd og forskrifta § 3 fjerde ledd.<sup>1</sup>

**Tabell 10.1 Månadlege satsar for bidragsforskot. Kroner**

Sats	Barnet er under 11 år	Barnet er over 11 år
Auka	1 760	2 200
Ordinært	1 320	1 320
Redusert	880	880

Kjelde: Arbeid- og velferdsdirektoratet (tal per 1. juli 2022)

Satsane for bidragsforskot vert indeksregulerte kvart år per 1. juli.

**Tabell 10.2 Inntektsgrenser for ulike satsar av bidragsforskot. Kroner**

Tal barn	Maks. inntekt for rett til auka sats	Maks. inntekt for rett til ordinær sats		Maks. inntekt for rett til redusert sats
		Bur aleine med barnet	Gifte/sambuande	
1	312 701	488 301	375 701	563 200
2	312 701	557 201	444 601	563 200
3	312 701	557 201	513 501	563 200
4+	312 701	557 201	513 501	563 200

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet (tal per 1. juli 2022)

### **10.3 Barne- og familidepartementet si vurdering og framlegg**

Eit av føremåla med auken i utvida barnetrygd i 2023 var å styrke økonomien til einslege forsørgjarar. Når ei inntekt aukar, vil det likevel kunne påverke retten til ulike behovsprøvde ordningar. Slik har det vore i dette tilfellet på grunn av det behovsprøvde forskotet. Nokre einslege forsørgjarar mista bidragsforskotet, andre fekk det redusert, og ei gruppe einslege forsørgjarar har dermed samla sett kome därlegare ut som følgje av auken i den utvida barnetrygda i 2023. Departementet foreslår å leggje til rette for at einslege forsørgjarar med bidragsforskot ikkje skal kome därlegare ut som følgje av den auka utvida barnetrygda. Dette krev endringar i forskoteringsordninga.

Departementet har vurdert to ulike løysingar, der den eine er å halde utvida barnetrygd utanfor inntektsprøvinga av bidragsforskot, medan den andre er å heve inntektsgrensene i forskoteringsordninga.

<sup>1</sup> Merk at det i bidragsregelverket som heilskap er forskotet som i all hovudsak vert nytta som utrekningsfaktor/grense, og ikkje grunnbeløpet i folketrygda (G).

Ei løysing der utvida barnetrygd vert teken ut og ikkje lenger skal vere ein del av inntektsomgrepet for behovsprøvinga av forskot, vil føre til at inntekta vert lågare. Ei slik løysing inneber at einslege forsørgjarar som på grunn av auken i utvida barnetrygd har mista, eller fått redusert forskot i 2023, igjen vil få att retten til forskot med same utbetaling som tidlegare. Vidare vil løysinga bety at òg einskilde andre i gruppa einslege forsørgjarar med utvida barnetrygd vil verte omfatta. Dette gjeld dei som før auken i utvida barnetrygd låg rett over ei inntektsgrense for bidragsforskot, og som med eit nytt inntektsomgrep vil få rett til forskot etter høgare sats, og dei som igjen vil få rett til forskot fordi dei kjem under den øvre grensa. Løysinga medfører altså at fleire vil verte omfatta av forskoteringsordninga.

Dersom ein skal sjå bort frå einskilde inntekter ved ei inntektsvurdering, vil det etter departementet si vurdering reise nokre prinsipielle spørsmål, og det vil kunne skape rom for tilpassingar og konsekvensar som ikkje er ønskte. Å halde utvida barnetrygd utanfor vil kunne undergrave sjølve føremålet med behovsprøvinga om at retten til og storleiken på forskotsutbetalinga skal svare til behovet den einskilde har. Den familiebaserte overføringsordninga utvida barnetrygd er eit supplement til hushaldet som følgje av utgifter ved det å ha aleineomsorg for barn. Det betyr at det offentlege gjennom utvida barnetrygd allereie bidreg økonomisk til familien (og barna) sitt underhald, og det er difor vanskeleg å ikkje skulle ta omsyn til dette ved behovsprøvinga av forskotet. Departementet legg vekt på at det er viktig at behovsprøvd ytingar handsamar inntekt likt, uavhengig av kor inntekta til familien kjem frå. Det avgjerande for familiar er kor mykje midlar dei har til rådvelde, og det er dette som eventuelt må vise kva som er behovet til familien, og som må leggjast til grunn ved ei behovsprøving.

Det er vidare etter departementet si vurdering uheldig dersom det i denne samanhengen vert innført eit skilje mellom arbeids- og trygdeinntekt på den eine sida, og midlar utbetalte gjennom ulike former for ytingar på den andre. Auka inntekt som følgje av auka arbeidsinntekt kan da gjere at nokon mister forskottet, medan auka inntekt gjennom ei offentleg yting som utvida barnetrygd, ikkje vil ha ein slik effekt. Det vil òg vere krevjande å grunngje unntak for éi familieyting, i dette tilfellet utvida barnetrygd, framfor andre familieytingar som kontantstøtte og småbarnstillegget i barnetrygda.

Ei anna løysing er å heve inntektsgrensene i forskoteringsordninga med eit beløp som svarer til auken i utvida barnetrygd. Med ei slik løysing vil ein løfte inntektsgrensene opp til eit nivå som inneber at dei forskotsmottakarane som mista rett til, eller fekk redusert forskot som følgje av den særskilte auken i utvida barnetrygd, framleis vil vere omfatta av forskoteringsordninga, og få utbetalte same forskotssats som før auken. Løysinga vil vere lite inngripande i sjølve ordninga, og risikoen for eventuelle konsekvensar difor låg.

Departementet er på denne bakgrunnen kome til at den beste av dei to skisserte løysingane, er å heve inntektsgrensene i forskoteringsordninga. Inntektsgrensa for auka forskot og grensa for bortfall av forskot følger av forskoteringsloven, og det er difor naudsynt med einskilde endringar i lova. Departementet legg opp til at inntektsgrensene for ordinært forskot og inntektsgrensa for redusert forskot som følgjer av forskrift, samstundes vil verte heva ved forskriftsendring. Det gjer at òg denne gruppa

forskotsmottakarar som mista rett til, eller fekk redusert forskott som følgje av den særskilde auken i utvida barnetrygd, framleis vert omfatta av forskoteringsordninga og får utbetalt same forskotssats som før auken. Desse grensene er ikkje knytte til nokon særskilt reguleringsmekanisme slik som tilfellet er for auka forskot og maksimalgrensa, sjå nedanfor, og departementet vil difor heve desse grensene lik auken i utvida barnetrygd pålydande 16 544 kroner per år.

Inntektsgrensa for auka forskot som følgjer av forskoteringsloven § 5 første ledd tredje punktum, er ei særskilt låginntektsgrense som harmoniserer med låginntektsgrensa i barnebidragsregelverket i barnelova for når ein einsleg bidragspliktig vert vurdert til å ha evne til å betale barnebidrag, og låginntektsgrensa for når gebyr ved vedtak om barnebidrag kan påleggjast etter barnelova. Låginntektsgrensene sikrar omsyna til konsekvens og symmetri i regelverket, likebehandling av partane i saker om barnebidrag etter barnelova og forskoteringsordninga samla sett, tek vare på dei økonomisk svakaste og inneber ei administrativ enkel regelverksforvalting. Etter departementet si vurdering bør difor grensa haldast slik som ho er.

Departementet foreslår difor at ein ikkje endrar inntektsgrensa for auka forskot med eit konkret beløp, men gjev ho eit tillegg på 10 gonger auka forskotssats, som per i dag utgjer 17 600 kroner. Framlegget inneber eit varig løft i inntektsgrensa og er marginalt høgare enn auken i utvida barnetrygd. Etter departementet si vurdering kan dette forsvarast ut frå omsynet til dei økonomisk svakast stilte forsørgjarane. Departementet legg òg avgjerande vekt på å behalde samanhengane i dei lovene og forskriftene som til saman utgjer det samla bidragsregelverket. Departementet viser til lovframlegget § 5 første ledd tredje punktum.

Det følgjer av forskoteringsloven § 4 tredje ledd første punktum at retten til bidragsforskot fell bort dersom inntekta til forskotsmottakaren er høgare enn 320 gonger auka bidragsforskot per barn per månad. Denne inntektsgrensa er den same for alle. Som følgje av auken i utvida barnetrygd, har einskilde einslege forsørgjarar overskride grensa og mista retten til redusert forskot. Departementet foreslår difor å auke grensa for bortfall av forskot til 330 gonger auka forskot, som per i dag utgjer eit tillegg på 17 600 kroner. Framlegget inneber som ovanfor eit varig løft i inntektsgrensa og er marginalt høgare enn auken i utvida barnetrygd. Vidare vil framlegget medføre at fleire personar vert omfatta av forskoteringsordninga samanlikna med perioden før aukane i utvida barnetrygd i mars, òg gifte/sambuande utan utvida barnetrygd. For å unngå å kome i ein situasjon der nokre grupper som er råka av auken i den utvida barnetrygda ikkje vert fanga opp, finn departementet dette likevel forsvarleg. Departementet viser til lovframlegget § 4 tredje ledd første punktum.

## 10.4 Konsekvensar av framlegget

### 10.4.1 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet sitt framlegg om å heve inntektsgrensene vil til saman isolert sett auke løyvinga i forskoteringsordninga med om lag 36,7 mill. kroner i heilårsverknad.

Departementet understrekar at anslaget er svært usikkert fordi det ikkje føreligg fullstendig statistikk over talet personar som vert inkluderte i forskoteringsordninga ved å auke inntektsgrensene. Med ei innføring 1. juli 2023 vil behovet for løyving i ordninga i år auke med om lag 18,4 mill. kroner.

Meirutgiftene oppstår som følgje av ei forskyving av mottakarar frå lågare til høgare satsar mellom mottakarar med utvida barnetrygd som fekk lågare sats da utvida barnetrygd auka. Til dømes vil forskotsmottakarar som med auken i utvida barnetrygd gjekk frå ordinær til redusert sats, få ordinær sats igjen. I tillegg vil fleire personar (utan utvida barnetrygd) verte omfatta av ordninga. Når inntektsgrensa for rett til forskot aukar frå 563 200 kroner til 580 800 kroner vil dette føre til fleire personar i forskoteringsordninga samanlikna med før aukane i utvida barnetrygd i mars.

Framlegget omfattar å auke inntektsgrensa for ordinær sats til øg gifte og sambuande. Skulle ein ikkje ha heva denne inntektsgrensa, ville det redusert meirutgiftene til framlegget med om lag 7,2 mill. kroner i heilårsverknad, isolert sett (3,6 mill. kroner i 2023 ved innføring 1. juli 2023).

Dei administrative konsekvensane av endringsframlegget er uvesentlege.

#### **10.4.2 Personvernkonsekvensar**

Departementet legg til grunn at framlegget ikkje vil ha personvernkonsekvensar.

### **10.5 Overgangsreglar og ikraftsetjing**

Departementet vurderer at det ikkje er behov for overgangsreglar. Departementet legg til grunn at forskotsmottakarar som meiner at dei som følgje av endringane vil ha rett til utbetaling av bidragsforskot etter ein høgare sats, søker om det. Nav vil orientere dei som var omfatta av endringa frå 1. mars 2023 om dette.

Departementet foreslår at endringane i forskotteringsloven § 4 tredje ledd første punktum og § 5 første ledd tredje punktum trer i kraft 1. juli 2023, det vil seie frå det same tidspunktet som det årlege reguleringspunktet for endringar i satsane som ligg til grunn for behovsprøvinga av bidragsforskotet. Departementet vil til orientering endre forskrifta frå same tidspunkt.

### **10.6 Merknader til dei einskilde føreseggnene i lovframlegget**

#### **10.6.1 Merknader til endringane i forskotteringsloven**

*Til § 4*

Det vert foreslått at inntektsgrensa etter forskotteringsloven § 4 tredje ledd *første punktum* for bortfall av forskot, vert endra slik at inntektsgrensa aukar frå 320 til 330 gonger auka forskot, som per i dag utgjer eit tillegg på 17 600 kroner. Endringa inneber at denne gruppa einslege forsørgjarar ikkje mistar forskotet som følgje av auken i utvida barnetrygd i 2023. Endringa er eit varig løft i inntektsgrensa og marginalt høgare enn auken i utvida

barnetrygd. Vidare vil endringa medføre at fleire personar vert omfatta av forskoteringsordninga samanlikna med før auken i utvida barnetrygd i mars, òg gifte/sambuande utan utvida barnetrygd. For å unngå ein situasjon der nokre grupper som er råka av auken i den utvida barnetrygda ikkje vert fanga opp, vert dette sett på som forsvarleg. Det vert vist til dei generelle merknadene i punkt 2.2.

#### *Til § 5*

Det vert foreslått at inntektsgrensa for auka sats etter forskotteringsloven § 5 første ledd *tredje punktum*, vert endra slik at inntektsgrensa skal gjelde med eit tillegg på 10 gonger auka forskottssats, som per i dag utgjer 17 600 kroner. Inntektsgrensa harmoniserer i utgangspunktet med låginntektsgrensa i barnebidragsregelverket i barnelova for når ein einsleg bidragspliktig vert vurdert til å ha evne til å betale barnebidrag, og låginntektsgrensa for når gebyr ved vedtak om barnebidrag kan påleggjast etter barnelova. Ved at inntektsgrensa vert regulert med satsen for auka forskot, held ein på denne samanhengen i regelverket. Endringa inneber at denne gruppa einslege forsørgjarar ikkje mistar eller får redusert forskot som følgje av auken i utvida barnetrygd i 2023. Endringa er eit varig løft i inntektsgrensa og marginalt høgare enn auken i utvida barnetrygd. Dette vert sett på som forsvarleg fordi denne gruppa forsørgjarar høyrer til dei økonomisk svakaste. Det vert vist til dei generelle merknadene i punkt 2.2.

#### **10.6.2 Til føresegna om ikraftsetjing av lova**

Det vert foreslått at endringane i forskotteringsloven skal tre i kraft 1. juli 2023.

Finansdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i petroleumsskatteloven
- lov om endringer i forskotteringsloven
- lov om endringer i skatteloven
- lov om endringer i skattebetalingsloven
- lov om oppheving av lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav
- lov om endringer i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringer i vareførselsloven
- lov om endringer i tollavgiftsloven

og

- vedtak om endring i stortingets vedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2023 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i petroleumsskatteloven
- lov om endringer i forskotteringsloven
- lov om endringer i skatteloven
- lov om endringer i skatteinntektsloven
- lov om oppheving av lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav
- lov om endringer i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringer i vareførselsloven
- lov om endringer i tollavgiftsloven

og

- vedtak om endring i stortingets vedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2023 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane

i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **A – Forslag til lovvedtak**

### **Forslag til lov om endring i petroleumsskatteloven**

I

I lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster mv. vert det gjort følgjande endring:

§ 11 femte ledd andre punktum skal lyde:

Grunnlaget for beregning av friinntekt ved realisasjon settes lik *realisasjonsvederlaget*.

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

### **Forslag til lov om endringar i forskotteringsloven**

I

I lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott blir det gjort følgjande endringar:

§ 4 tredje ledd første punktum skal lyde:

Retten til forskott faller bort dersom inntekten til den som har rett til å motta forskott på vegne av barnet overstiger 330 ganger forhøyet bidragsforskott per barn per måned etter § 5 første ledd tredje punktum.

§ 5 første ledd tredje punktum skal lyde:

Forhøyet forskott ytes dersom mottakeren ikke ville ha hatt bidragsevne etter barnelova § 71 første ledd andre punktum vurdert som enslig uten barn, *med tillegg av 10 ganger forhøyet bidragsforskott per barn per måned*.

II

Endringane trer i kraft 1. juli 2023.

# **Forslag**

## **til lov om endring i skatteloven**

### I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 5-31 bokstav a skal lyde:

- a. *følgende tilskudd innenfor det geografiske området for distriktsrettet investeringsstøtte:*
1. *distriktsrettet investeringsstøtte etter regelverk under Kommunal- og distriktdepartementet, og*
  2. *tilskudd til investeringer i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr etter forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket av 19. desember 2014 nr. 1816, jf. likevel § 14-44 første ledd siste punktum.*

§ 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum skal lyde:

Fradrag skal likevel ikke gjøres for følgende tilskudd *innenfor det geografiske området for distriktsrettet investeringsstøtte:*

1. *distriktsrettet investeringsstøtte etter regelverk under Kommunal- og distriktdepartementet, og*
2. *tilskudd til investeringer i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr etter forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket av 19. desember 2014 nr. 1816.*

§ 14-44 fyrste ledd siste punktum skal lyde:

*Følgende tilskudd innenfor det geografiske området for distriktsrettet investeringsstøtte regnes som en del av vederlaget ved realisasjon av driftsmidlet innen fem år etter at det ble ervervet:*

- a. *distriktsrettet investeringsstøtte etter regelverk under Kommunal- og distriktdepartementet, og*
- b. *tilskudd til investeringer i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr etter forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket av 19. desember 2014 nr. 1816.*

### II

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 4-3 fyrste ledd bokstav e skal lyde:

- e. *forskuddsskatt og terminskatt som ikke er forfalt, samt restskatt som ikke er fastsatt ved utløpet av inntektsåret,*

§ 12-11 fyrste ledd fyrste punktum skal lyde:

Alminnelig inntekt fra virksomheten før *fradrag* for fremførbart underskudd er utgangspunkt for beregning av personinntekt, jf. § 12-2 g.

§ 16-22 første ledd andre punktum skal lyde:

Skatt betalt i utlandet i et tidligere år fradras i sin helhet før det gis *fradrag* for skatt betalt i utlandet i et senere år.

### III

Endringane under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2023.

### IV

Endringane under II tek til å gjelde straks.

## **Forslag til lov om endringar i skattebetalingsloven**

### I

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav vert det gjort følgjande endringar:

§ 10-1 første ledd skal lyde:

(1) Skatte- og avgiftskrav skal betales ved forfall og med de beløp som opprinnelig er fastsatt, selv om fastsettingen er under endring, pålaget eller brakt inn for domstolene. Første punktum gjelder ikke når det kan gis utsatt iverksetting av vedtak etter skatteforvaltningsloven § 14-10 annet ledd, tollavgiftsloven § 12-7 og vareførselsloven § 12-2 fjerde og femte ledd.

§ 10-41 tredje ledd skal lyde:

(3) Skatte- og avgiftskrav belastet dagsoppgjørsordningen forfaller til betaling første virkedag etter frigjøring for prosedyren overgang til fri disponering. *Skattekontoret kan fastsette en nærmere frist for når på forfallsdagen betaling må ha skjedd.*

§ 10-51 tredje ledd skal lyde:

(3) Dersom det innvilges utsatt iverksetting av krav etter skatteforvaltningsloven § 14-10 annet ledd, tollavgiftsloven § 12-7 annet ledd eller vareførselsloven 12-2 femte ledd, forfaller kravet til betaling tre uker etter utløpet av søksmålsfristen eller ved søksmål, tre uker etter at endelig rettsavgjørelse foreligger.

§ 14-10 første ledd skal lyde:

(1) Salg av varer mv. etter vareførselsloven § 4-4 andre ledd og § 11-6 skal skje gjennom namsmyndighetene etter reglene om tvangssalg i tvangfullbyrdelsesloven kapittel 8 så langt de passer.

### II

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav vert det gjort følgjande endringar:

§ 10-41 første og andre ledd skal lyde:

(1) Tollavgift og andre avgifter som oppstår ved innførsel, og som ikke belastes tollkreditten, *dags- eller månedssoppgjørsordning*, jf. § 14-20, forfaller til betaling samtidig med at plikten til å beregne avgiftene oppstår.

(2) Krav som belastes tollkreditten *eller månedssoppgjørsordning* en kalendermåned, forfaller til betaling den 18. i neste måned.

Overskriften til § 14-20 skal lyde:

*§ 14-20 Tolkredit og dags- og månedssoppgjørsordning*

§ 14-20 andre ledd skal lyde:

(2) Speditører som deklarerer varer for prosedyren overgang til fri disponering på vegne av andre, kan innvilges kreditt. Kreditt kan gis både for deklarasjoner som foretas i løpet av samme dag (dagsoppgjør) og for deklarasjoner med mer enn én mottaker som foretas i løpet av en kalendermåned (månedssoppgjør).

III

Endringane under I tek til å gjelde straks.

IV

Endringane under II tek til å gjelde 1. januar 2024.

## Forslag

### **til lov om oppheving av lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav**

I

Lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om innkreving av skatte- og avgiftskrav oppheves.

II

Lova tek til å gjelde straks.

# **Forslag**

## **til lov om endringar i merverdiavgiftsloven**

### I

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift vert det gjort følgjande endringar:

§ 4-12 andre ledd skal lyde:

(2) Vederlag som er angitt i utenlandsk valuta, omregnes til norske kroner ut fra omregningskursen på leveringstidspunktet fastsatt med hjemmel i vareførselsloven § 6-12.

§ 9-1 andre ledd bokstav a skal lyde:

- a. maskiner, inventar og andre driftsmidler der inngående merverdiavgift av kostpris utgjør minst 50 000 kroner, likevel ikke kjøretøy som er fritatt for merverdiavgift etter § 6-7 første ledd

§ 10-7 andre ledd skal lyde:

(2) For varer som gjenutføres, jf. første ledd bokstav a til d, er det et vilkår for refusjon at varen gjenutføres innen ett år etter innførselen. Fristen kan i særlige tilfeller forlenges. Kravet om gjenutførelse kan frafalles dersom varen blir tilintetgjort under kontroll av eller etter avtale med tollmyndighetene mot at den som var ansvarlig for merverdiavgiften etter § 11-1 første ledd bærer kostnadene.

§ 14-1 andre og tredje ledd skal lyde:

(2) Fellesregistrering og frivillig registrering etter § 2-3 fjerde til sjette ledd kan tidligst skje med virkning fra og med den oppgaveterminen den elektroniske søknaden om registrering blir loggført i mottakssentralen som godkjent. Godkjenning bekreftes ved elektronisk *kvittering*.

(3) Frivillig registrering etter § 2-3 første og annet ledd kan tidligst skje med virkning fra og med en oppgavetermin som utløp de siste seks måneder før den elektroniske søknaden om registrering ble loggført i mottakssentralen. Godkjenning bekreftes ved elektronisk *kvittering*.

### II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

**Forslag**  
**til lov om endringer i folkeregisterloven**

I

I lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering vert det gjort følgjande endring:

§ 1-3 andre punktum skal lyde:

*Skattedirektoratet er sentral registreringsmyndighet og behandlingsansvarlig for registeret.*

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

**Forslag**  
**til lov om endringar i vareførselsloven**

I

I lov 11. mars 2022 nr. 9 om inn- og utførsel av varer vert det gjort følgjande endringar:

§ 1-4 skal lyde:

*§ 1-4 Politiattest og tildeling av myndighet til studenter i praksis*

(1) Tollmyndighetene kan kreve fremleggelse av ordinær politiattest i forbindelse med tilsettinger. Ved tilsetting i særskilte stillinger kan det kreves utvidet og uttømmende politiattest. *I vurderingen av om politiattest skal kreves, og i tilfelle hvilken type attest, skal det blant annet tas hensyn til stillingens art, omfang og varighet, hvilke rettigheter og plikter som ligger til stillingen, og hvilke oppgaver som skal utføres.*

(2) Departementet kan tildele myndighet etter denne loven til studenter som er i praksis hos tollmyndighetene.

§ 6-8 andre ledd skal lyde:

(2) Departementet kan gi forskrift om *utregnet tollverdi*.

§ 7-15 tredje ledd skal lyde:

(3) Departementet kan gi forskrift om vilkårene for profilering etter personvernforordningen artikkel 4 nr. 4 og om bruk av automatiserte avgjørelser.

§ 9-1 tredje ledd skal lyde:

(3) Tvangsmidler etter annen stats lovgivning kan bare brukes i kontrollområdet ved undersøkelser i umiddelbar sammenheng med en overtredelse av § 12-5 om straff for ulovlig vareførsel, eller forsøk på slik overtredelse.

§ 12-2 første ledd bokstav a skal lyde:

a. *overtrer plikter etter kapittel 2*

§ 12-2 første ledd bokstav b skal lyde:

b. *overtrer plikter etter kapittel 3*

§ 12-2 første ledd bokstav d skal lyde:

d. *overtrer plikter etter kapittel 5*

§ 12-7 skal lyde:

§ 12-7 Straff for unnlatt medvirkning ved kontroll mv.

Med bot eller fengsel inntil seks måneder eller begge deler *straffes* den som unnlater å medvirke ved kontroll eller yte bistand etter §§ 8-5 og 8-13.

## II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

### Forslag til lov om endringar i tollavgiftsloven

#### I

I lov 11. mars 2022 nr. 8 om tollavgift vert det gjort følgjande endringar:

§ 8-1 andre ledd skal lyde:

(2) Taushetsplikten omfatter ikke registreringspliktig statsstøtte etter *lov 4. mars 2022 nr. 7 om nasjonale saksbehandlingsregler i saker om offentlig støtte (støtteprosessloven)* § 7 første ledd.

§ 11-4 skal lyde:

§ 11-4 Nedsettelse av tollavgift

Tollmyndighetene kan treffe enkeltvedtak om nedsettelse av tollavgift dersom det oppstår tilfeller eller situasjoner som ikke var overveid da Stortingets vedtak om *tollavgift* ble truffet, og tollavgiften i det enkelte tilfellet får en utilsiktet og klart urimelig virkning.

## II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

**B – Forslag til stortingsvedtak**

**Forslag**

**til vedtak om endring stortingsvedtak om skatt av inntekt og formue mv.  
for inntektsåret 2023 (Stortingets skattevedtak)**

I

I stortingsvedtak 13. desember 2022 nr. 2199 om skatt på inntekt og formue mv. for inntektsåret 2023 (Stortingets skattevedtak) vert det gjort følgjande endring:

§ 6-5 skal lyde:

*§ 6-5 Skattefradrag for pensjonsinntekt*

Fradraget som nevnt i skatteloven § 16-1 første ledd skal være 32 825 kroner.

Beløpsgrensene som nevnt i skatteloven § 16-1 tredje ledd skal være 246 800 kroner i trinn 1 og 373 650 kroner i trinn 2.

II

Vedtaket tek til å gjelde fra 1. januar 2023.

**Forslag**

**til vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda  
for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane**

I

I stortingsvedtak 13. desember 2022 nr. 2203 om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane for 2023 vert det gjort følgjande endring:

Første punktum skal lyde:

For 2023 skal det i henhold til lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd § 23-5 annet ledd beregnes produktavgift med 1,9 pst. på omsetning av fisk, hval og sel, og produkter av disse, fra fartøy som har drevet egen fangstvirksomhet innenfor det aktuelle kalenderår.

II

Vedtaket tek til å gjelde fra 1. juli 2023.

Førebels utgåve

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa  
publikasjoner.dep.no  
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til  
departementa – 05/2023



Førebels utgåve